



# FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL



## Framlegg til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde Verneplan og konsekvensutgreiing - Høyringsutkast

# INNHALD

## DEL I

### Framlegg til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Verneplan og konsekvensutgreiing. Høyringsutkast. ....	7
Føreord .....	8
<b>1 INNLEIING</b> .....	9
1.1 Bakgrunnen for verneplanarbeidet .....	9
1.2 Planprosess .....	9
Utarbeiding av verneframlegget .....	9
Høyring og vidare framdrift .....	9
1.3 Kvifor vern? .....	10
<b>2. OMRÅDESKILDRING</b> .....	11
2.1 Samfunnsforholda i verneområdet .....	11
Norrdal kommune .....	11
Stranda kommune .....	11
2.2 Naturgeografisk klassifisering av verneområdet .....	11
2.3 Klima .....	11
2.4 Berggrunnsgeologi .....	11
2.5 Landskapsformer .....	11
2.6 Kvartærgeologi .....	12
2.7 Vegetasjon .....	12
2.8 Dyreliv .....	13
2.9 Kulturminne og kulturmiljø .....	13
Sunnylvsfjorden .....	13
Geirangerfjorden .....	13
Herdalen .....	13
2.10 Vassdrag .....	13
<b>3. ANDRE VERNEOMRÅDE OG VERNA VASSDRAG</b> .....	14
3.1 Område verna etter naturvernlova .....	14
Kallskaret naturreservat .....	14
Hyskjet naturreservat .....	14
3.2 Vassdrag verna mot kraftutbygging .....	14
Geirangelva/Vesteråselva .....	14
Norrdalsvassdraget .....	14
Bygdaelva .....	14
<b>4. BRUKARINTERESSER OG INNGREP</b> .....	15
4.1 Landbruk .....	15
4.2 Friluftsliv .....	16
Turvandring .....	16
Jakt og fiske .....	16
Båtliv .....	16
4.3 Reiseliv/turisme .....	17
Servering og overnatting .....	17
Båttrafikken .....	17
Opplevingar .....	17
4.4 Bergverksdrift .....	17
4.5 Kraftutbygging .....	17
Eksisterande kraftutbyggingar .....	17
Samla Plan for vassdrag .....	17
Minikraftverk .....	18
Kraft- og telefonliner .....	18
4.6 Vegar og sjøtransport .....	18
Offentlege vegar .....	18
Private vegar .....	18
Sjøtransport .....	18
4.7 Havbruk .....	18

4.8	Hytter og annan busetnad	18
4.9	Andre inngrep og påverknad	18
	Telekommunikasjonsanlegg	18
	Forskningsstasjonar	19
4.10	Planstatus	19
	Kommuneplanane	19
	Reguleringsplanar	19
	Fylkesplanen	19
	Storfjordprosjektet	19
<b>5.</b>	<b>FORSLAG TIL VERNEFORM OG AVGRENSING AV VERNEOMRÅDE</b>	<b>20</b>
5.1	Generelt om landskapsvernområde	20
5.2	Vurdering av verneverdiane og framlegg til vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde	20
	Reguleringsplanar	20
	Naturreservat	20
	Kraftforsyning	20
	Geiranger	21
	Vesterås	21
	Ljøen og Lie	21
	Raudbergvika	21
	Eidsdal	21
<b>6.</b>	<b>FORSLAG TIL VERNEFORSKRIFT MED KOMMENTARAR</b>	<b>22</b>
6.1	Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde	22
6.2	Kommentarar til verneforskrifta	24
	§ 1 Avgrensing	25
	§ 2 Formål	25
	§ 3 Verneføresegner	25
	§ 4 Forvaltningsplan	28
	§ 5 Generelle dispensasjonsføresegner	28
	§ 6 Forvaltningsstyresmakt	28
	§ 7 Rådgevingande utval	28
<b>7.</b>	<b>FORVALTNING OG OPPSYN</b>	<b>29</b>
7.1	Generelt om forvaltning	29
7.2	Forvaltningsplan	29
7.3	Naturoppsyn og informasjon	29
	Merking og skilting	29
	Informasjon	29
	Naturoppsyn	30
7.4	Ressursbruk	30
<b>8.</b>	<b>KONSEKVENSTUTGREIING OG LANDBRUKSRAPPORT</b>	<b>31</b>
8.1	Naturmiljø	31
8.2	Kulturminne og kulturmiljø	31
8.3	Landbruk	31
8.4	Friluftsliv	31
8.5	Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling	31
8.6	Motorferdsel i utmark	31
8.7	Vegar	32
8.8	Bergverksdrift i Raudbergvika	32
8.9	Havbruk	32
8.10	Nærare undersøkingar	32
8.11	Samanstilling av konsekvensane	32
<b>9.</b>	<b>FYLKESMANNEN SI TILRÅDING</b>	<b>34</b>
<b>10.</b>	<b>LITTERATURLISTE OG PERSONLEGE OPPLYSNINGAR</b>	<b>34</b>

## DEL II

### Konsekvensutredning for tema

naturmiljø, kulturmiljø og kulturminne, friluftsliv .....	43
Føreord .....	44
Samandrag .....	45
<b>1 INNLEIING</b> .....	46
<b>2 UTDRAG FRÅ UTGREIINGSPROGRAMMET</b> .....	47
2.1 Utgreiingsalternativa .....	47
2.2 Naturmiljø .....	47
2.3 Kulturminne og kulturmiljø .....	47
2.4 Friluftsliv .....	47
<b>3 METODE</b> .....	48
3.1 Datagrunnlag .....	48
3.2 Vurdering av verdiar og konsekvensar .....	48
<b>4 AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET</b> .....	50
<b>5 STATUS - VERDI</b> .....	51
5.1 Naturmiljø .....	51
5.2 Kulturminne og kulturmiljø .....	52
5.3 Friluftsliv .....	53
<b>6 KONSEKVENSAAR - OMFANG OG BETYDNING</b> .....	55
6.1 Naturmiljø .....	55
6.1.1 0-alternativet .....	55
6.1.2 Vernealternativet .....	55
6.2 Kulturminne og kulturmiljø .....	57
6.2.1 0-alternativet .....	57
6.2.2 Vernealternativet .....	57
6.3 Friluftsliv .....	58
6.3.1 0-alternativet .....	58
6.3.2 Vernealternativet .....	58
<b>7 SAMANSTILLING</b> .....	60
7.1 Naturmiljø .....	60
7.2 Kulturminne og kulturmiljø .....	60
7.3 Friluftsliv .....	61
<b>8 AVBØTANDE TILTAK</b> .....	62
8.1 Naturmiljø .....	62
8.1.1 Justering av grenser .....	62
8.1.2 Endring av forskrift .....	62
8.2 Kulturminne og kulturmiljø .....	62
8.2.1 Justering av grenser .....	62
8.2.2 Endring av forskrift .....	62
8.3 Friluftsliv .....	62
8.3.1 Justering av grenser .....	62
8.3.2 Endring av forskrift .....	62
<b>9 PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING</b> .....	63
<b>10 REFERANSAR</b> .....	64
Litteratur .....	64
Munnlege kjelder .....	65
<b>KART FOR KONSEKVENSAUTGREIINGA</b> .....	66

## DEL III

### Konsekvensutredning for tema



Motorferdsel i utmark, drift og vedlikehold av veier, bergverksindustri i Raudbergvika, havbruk .....	67
Føreord .....	68
Samandrag .....	69

<b>1 INNLEDNING</b>	71
<b>2 UTDRAG FRA UTREDNINGSPROGRAMMET</b>	72
2.1 Utredningsalternativene	72
2.2 Motorferdsel i utmark	72
2.3 Veier	72
2.4 Industri og havbruk	72
<b>3 METODE</b>	73
3.1 Datagrunnlag	73
3.2 Vurdering av verdier og konsekvenser	73
<b>4 AVGRENSNING AV INFLUENSOMRÅDET</b>	75
<b>5 STATUS - VERDI</b>	76
5.1 Motorferdsel i utmark	76
5.2 Drift og vedlikehold av veier, herunder nødvendige rassikringstiltak	77
5.3 Bergverksdrift i Raudbergvika	79
5.4 Havbruk	80
<b>6 KONSEKVENSENE OMFANG OG BETYDNING</b>	82
6.1 Motorferdsel i utmark	82
6.1.1 0-alternativet	82
6.1.2 Vernealternativet	82
6.2 Drift og vedlikehold av veier, herunder nødvendige rassikringstiltak	83
6.2.1 0-alternativet	83
6.2.2 Vernealternativet	83
6.3 Bergverksdrift i Raudbergvika	84
6.3.1 0-alternativet	84
6.3.2 Vernealternativet	84
6.4 Havbruk	84
6.4.1 0-alternativet	84
6.4.2 Vernealternativet	84
<b>7 SAMMENSTILLING</b>	86
7.1 Motorferdsel i utmark	86
7.2 Drift og vedlikehold av veier, herunder nødvendige rassikringstiltak	86
7.3 Bergverksdrift i Raudbergvika	87
7.4 Havbruk	87
<b>8 MULIGE AVBØTENDE TILTAK OG DERES EFFEKT</b>	88
8.1 Motorferdsel i utmark	88
8.1.1 Justering av grenser	88
8.1.2 Endring av forskrift	88
8.2 Drift og vedlikehold av veier, herunder nødvendige rassikringstiltak	88
8.2.1 Justering av grenser	88
8.2.2 Endring av forskrift	88
8.3 Bergverksdrift i Raudbergvika	88
8.3.1 Justering av grenser	88
8.3.2 Endring av forskrift	88
8.4 Havbruk	88
8.4.1 Justering av grenser	88
8.4.2 Endring av forskrift	88
<b>9 PROGRAM FOR VIDERE UNDERSØKELSER OG OVERVÅKING</b>	89
<b>10 REFERANSER</b>	89
Litteratur	89
Muntlige kilder	90
<b>- KART OVER NASJONAL TURISTVEG</b>	91
<b>- KART OVER RASSIKRINGSTILTAK RV 63</b>	92

## VEDLEGG

<b>- TEMAKART LANDSKAPSANALYSE</b>	96
<b>- TEMAKART NATURTYPEKARTLEGGING</b>	97
<b>- TEMAKART INNGREPSFRI NATUR/TEKNISKE INNGREP</b>	98
<b>- KART MED VERNEFRAMLEGG</b>	99

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**Fylkeshusa  
6404 Molde

		Rapport nr.: 2003:02
		Tilgjenge: Open
<b>Tittel:</b> <b>Framlegg til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Verneplan og konsekvensutgreiing. Høringsutkast.</b>		Dato: 20.07.2003
<b>Prosjektansvarlege:</b> Førstekonsulent Ola Betten Fylkesagronom Anders Hovde		Sidetal: 36 + kartvedlegg
<b>Samandrag:</b> Fylkesmannen har laga eit framlegg til etablering av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde i Stranda og Norddal kommunar. Området er eit fjord- og fjellområde på ca. 498 km <sup>2</sup> .  <b>Føremålet med vernet er å:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.</li> <li>- ta vare på viktige kulturlandskap.</li> <li>- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.</li> </ul> <b>Det er utarbeidd konsekvensutgreiingar for følgjande tema:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- naturmiljø, kulturminne/kulturmiljø og friluftsliv</li> <li>- på motorferdsel i utmark, drift og vedlikehald m.v. av vegar, bergverksdrift i Raudbergvika og havbruk</li> <li>- reiseliv og miljøbasert næringsutvikling</li> <li>- landbruk</li> </ul> <p>Dei 2 første er inkludert i denne rapporten, dei 2 andre er eigne rapportar.</p>		
<b>Emneord:</b> Landskapsvernområde Naturvern Konsekvensutgreiing Stranda kommune Norddal kommune		ISBN 82-7430-127-7 ISSN 0801-9363
Fagansvarleg:  Per Fredrik Brun (fylkesmiljøvernssjef)		For administrasjonen:  Kjeld Brecke (ass. fylkesmann)

# FØREORD

Statens naturvernråd foreslo i NOU 1986:13 at det vart etablert eit landskapsvernområde i Geiranger-Herdalenområdet med nasjonalpark i dei austlege delane mellom Dalsnibba og Tafjord. Formålet med vernet skulle vere å sikre eit naturområde som eit typeområde for eit fjordlandskap med varierte naturforhold. Også store verneverdiar innan vegetasjon og dyreliv tala for å verne området. På grunnlag av framlegget frå Statens naturvernråd og innkomne høyringsfråsegner, utarbeida Regjeringa St.meld. nr. 62 (1991-92) der det vert slått fast at det bør arbeidast vidare med eit framlegg til landskapsvernområde i Geiranger-Herdalenområdet. Dette vart stadfesta då nasjonalparkmeldinga vart behandla i Stortinget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal legg med denne bakgrunnen fram forslag til vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Parallelt med verneplanen har fylkesmannen gjeve innspel til utarbeidinga av ein kommunedelplan for Geirangerbygda som skal sikre bruk og vern i dei mest utnyttta og utbygde områda i Geiranger. Det er også starta eit arbeid med å søke om å få med Geiranger-Herdalen området inn på UNESCO si verdsarvliste som eitt av to delområde av "Vestnorsk fjordlandskap". Ein føresetnad for å bli teken opp på verdsarvlista er at verneverdiane er sikra gjennom eit nasjonalt vern, og etablering av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde vil venteleg støtte dette kravet. Fylkesmannen arbeider difor også tett inn mot arbeidet med verdsarvsøknaden.

Dette dokumentet er samansett av 3 delar:

- Verneframlegg med verneforskrifter og vernegrenser.
- Konsekvensutgreiing av verknadene av vernet for naturmiljø, kulturminne/kulturmiljø og friluftsliv. Utarbeidd av fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Konsekvensutgreiing av verknadene for motorferdsel i utmark, drift og vedlikehald m.v. av vegar, bergverksdrift i Raudbergvika og havbruk. Utarbeidd av Miljøfaglig Utredning as.

Det føreligg også ei konsekvensutgreiing for reiseliv og miljøbasert næringsutvikling utarbeidd av Østlandsforskning, og Norges Bondelag har laga ei konsekvensutgreiing for temaet landbruk. Det er viktig at alle desse dokumenta vert sett i samanheng i vurderinga av framlegget og konsekvensutgreiinga, for vi har lagt vekt på minst mogleg dobbelframstilling av verneverdiar og konsekvensar.

Planen blir no sendt ut på ei felles lokal og sentral høyring. Fylkesmannen vil deretter oppsummere dei lokale høyringsfråsegnene og utarbeide ei tilråding til vern. Direktoratet for naturforvaltning skal så vurdere framlegg og høyringsfråsegner, og gje si tilråding. Miljøverndepartementet førebur verneframlegget for Regjeringa for å legge fram ein kongeleg resolusjon. Arbeidet med dette verneforslaget har vore omfattande og har involvert mange forvaltningsorgan, organisasjonar og enkeltpersonar. Vi vil så langt rette ein særleg takk til bidraget frå samarbeidsgruppa, Stranda og Norddal kommunar, Møre og Romsdal fylkeskommune og rådgjevarane som har utarbeidd fagrapportar og ulike konsekvensutgreingar.

Molde, juli 2003



Kjeld Brecke  
ass. fylkesmann



Per Fredrik Brun  
fylkesmiljøvernssjef



# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunnen for verneplanarbeidet

Bakgrunnen for arbeidet med etablering av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er følgjande dokument:

- NOU 1986:13 "Ny landsplan for nasjonalparker".
- St.meld. nr. 62 (1991-92) "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge".
- Innst. S. nr. 124 (1992-93) om "Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge".

Statens naturvernråd (SNR) foreslo i NOU 1986:13 å verne området som eit typeområde på eit fjordsystem med tilhøyrande varierte naturforhold. Hovudvassdraga Geirangelva og Norddalsvassdraget er av dei få urørde i regionen, og er også særleg verdfulle som typeområde og referanseområde. Vidare peikar SNR på den spesielle vegetasjonen med variasjon over kort avstand frå strandområde via edellauvskogsområda til karrige høgaltine samfunn. Landskapet er særleg verdfullt pga. dei mange fjordgardane som eit viktig element i kulturlandskapet. Også villreinen i Ottadalsområdet, dei mange fossane og det spesielle landskapet med majestetiske fjelltoppar ved typiske vestlandsfjoridar vart tillagt stor vekt. SNR foreslo at det vart etablert eit landskapsvernområde med nasjonalpark i dei austlege delane mellom Dalsnibba og Tafjord.

På grunnlag av NOU 1986:13 og høyringsfråsegnene til denne, utarbeida Regjeringa St.meld. nr. 62 (1991-92) der det vart slått fast at framlegget om å etablere eit landskapsvernområde i området skulle vidareførast.

Kommunal- og miljøvernkomitéen la fram sitt forslag til behandling av nasjonalpark-meldinga i Innst. S. nr. 124 (1992-93). Av komitéinnstillinga kjem det fram m.a. følgjande merknader:

"Komitéen viser til at departementet i meldingen gir en grundig vurdering av forholdet mellom vern etter naturvernloven og bruk av plan- og bygningsloven for å hindre en uønsket utvikling. Komitéen er enig med departementet i at naturvernloven er det naturlige instrument for å sikre de nasjonale mål som trekkes opp i Nasjonalparkmeldingen.

Komitéen viser til at grenser for nasjonalparken og andre verneområder må avklares i den videre prosessen. Det samme gjelder hvilken vernekategori de forskjellige områdene bør plasseres i og hvor strenge restriksjoner som bør pålegges for bruk av de verneområdene. Komitéen understreker at det bør legges relativt strenge begrensninger på aktiviteten innenfor nasjonalparken. Hvis dagens bruk eller framtidig bruk er til hinder for strenge regler, bør landskapsvern vurderes i stedet for nasjonalpark."

Nasjonalparkmeldinga vart behandla i Stortinget 19.04.1993, og vedtaket innebar at Regjeringa fekk i oppdrag å vurdere vern etter naturvernlova for området. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har på bakgrunn av dette utarbeidd det føreliggjande forslaget til etablering av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

## 1.2 Planprosess

### Utarbeiding av verneframlegget

Fylkesmannen kunngjorde oppstart av planarbeidet i brev av 30.01.2001 til aktuelle grunneigarar, offentlege etatar og lag/organisasjonar.

Det vart oppretta ei felles, lokal referansegruppe for verneplanarbeidet i Norddal og Stranda kommunar. Referansegruppa har spela ein viktig rolle i planprosessen. Ho har hatt ein rådgjevande funksjon overfor fylkesmannen, fungert som kommunikasjonskanal mellom fylkesmannen og lokalsamfunnet, og hjelpt til med innhenting av grunnlagsmateriale. Følgjande har vore med i gruppa:

Hallvar Fjørstad, Stranda (leiar)  
Per Otto Solhaug, Geiranger  
Geir Gjærde, Geiranger  
Kjell Hansen, Stranda  
Gudmund Relling, Norddal (t.o.m. mars 2002)  
Per-Arne Løvoll, Eidsdal (f.o.m. april 2002)  
Petter Eide, Eidsdal  
Leif Ivar Nerhus Dale, Norddal  
Ove Skylstad, Valldal  
Siv Aksdal, Møre og Romsdal fylkeskommune

Utarbeidd fagrapportar, synfaringar og møte med berørte paratar, har saman med innspel frå referansegruppene danna grunnlaget for fylkesmannen sitt forslag til verneplan for Geiranger-Herdalen. Verneplanprosessen er føljt nøye av ei forskargruppe frå Senter for bygdeforskning og Norsk institutt for naturforskning.

Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing av verknadane av vernet på ulike samfunnsinteresser. Denne føreligg som fleire delutgreiingar utarbeidd av fleire instansar. Parallelt har Norges Bondelag gjennomført eit prosjekt med å kartlegge landbruksinteressene i området og synleggjere desse i verneplanarbeidet.

### Høyring og vidare framdrift

Det føreliggjande verneforslaget vil bli sendt på høyring til grunneigarar, lokale organisasjonar, kommunane og etatar og organisasjonar på fylkesnivå, styresmakter og organisasjonar på sentralt nivå. I løpet av høyringsperioden vil det bli halde informasjonsmøte i Stranda og Norddal kommunar. Den samla lokale og sentrale høyringa er eit forsøk på komprimere og samordne høyringsprosessen på ein betre måte enn det som er gjort i tidlegare vernesaker.

Fylkesmannen vil etter høyringa utarbeide eit tilrådd verneforslag som vert sendt til Direktoratet for naturforvaltning (DN) for vidare behandling. DN gjev si tilråding til Miljøverndepartementet som førebur saka til Kgl. res. Vernevedtaket gjer Kongen i Statsråd.



### 1.3 Kvifor vern?

Frå og med det førre hundreåret har det føregått ein kraftig reduksjon av det totale arealet av urørte naturområde i Noreg, særleg i Sør-Noreg, der større, urørte naturområde manglar totalt i låglandet. Også i fjellområda er reduksjonen stor, og områda er sterkt preget av oppdeling. Generelt har delen av villmark (område meir enn 5 km frå større tekniske inngrep) i Sør-Noreg blitt redusert frå 27% i år 1900 til ca. 8% i 1992 (St.meld. nr. 62 (1991-92)). I og rundt Geiranger-Herdalen er delen villmark blitt kraftig redusert på grunn av kraftutbygging og bygging av vegar. Sikring av ein større del av dei igjenverande, store samanhengande natur- og villmarksområda mot inngrep, er difor ei sentral målsetting i det pågåande verneplanarbeidet i Noreg.

Det er mange grunnar for å ta vare på naturområde utan tekniske inngrep. Dette kan knytast opp til ønsket om å ta omsyn til verdier som:

- nasjonalarven
- sårbare artar og naturtypar
- biologisk mangfald
- bevaring av restbiotopar
- forskning, overvaking og undervisning
- friluftsliv
- reiseliv

Vern av naturområde i Noreg må også sjåast på som del av ein internasjonal innsats for å verne om artar og økosystem. Oppretting av verneområde kan seiast å vere ein "føre var"-strategi der naturen får prioritet framfor menneskeleg aktivitet, noko som vil bli spesielt vektlagt i forvaltninga av nasjonalparkane og dei store landskapsvernområda.

I det føreliggjande verneforslaget for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er vernemotiva særleg knytt til å:

- Ta vare på eit verdfullt natur- og kulturlandskap.
- Sikre eit rikt biologisk mangfald med mange verdfulle lokalitetar og interessante og truga artar.
- Sikre verdfulle vassdrag som også er verna mot kraftutbygging.
- Ta vare på eit område som i stor grad er urørt av større tekniske inngrep med eitt av dei 5 villmarksprega områda i fylket.
- Verne om kulturminne og kulturmiljø.

Vi viser til kap. 2 for ei utdjuping av naturfaglege og kulturhistoriske kvalitetar i området.

## 2. OMRÅDESKILDRING

### 2.1 Samfunnsforholda i verneområdet

#### Norddal kommune

Norddal kommune har eit samla areal på 941,4 km<sup>2</sup>, av dette utgjør jordbruksareal i drift om lag 13 km<sup>2</sup>. Kommunen har dei siste 10 åra hatt ein befolkningsnedgang på 120 personar og folketalet ved inngangen til 2003 utgjorde 1899 personar. Befolkninga er fordelt utover bygdene, og berre 18 % reknast for å bu i tettbygde strom. Dette er langt under fylkesgjennomsnittet der 65 % bur i tettbygde område.

#### Eidsdal

Eidsdal er ei bygd med om lag 400 innbyggjarar. Bygda er langstrakt og ligg på sørsida av Norddalsfjorden. Landbruk er hovudnæringa i bygda, der det er stor variasjon både i produksjonsform og bruksstorleik. Det er likevel mjølkeproduksjon frå både ku og geit som dominerer landbruket. Bygda si andre hovudnæring er turisme om sommaren. Medan bygda er stille og roleg om vinteren, er det eit høgt aktivitetsnivå når sommarturistane kjem til bygda. Det er først og fremst diverse overnattingstilbod som pregar turistnæringa, og hyttebygging er eit satsingsområde i bygda.

#### Norddal

Norddal er ei bygd med om lag 200 innbyggjarar. Bygda ligg på begge sider av Storelva og er som Eidsdal hovudsakleg ei landbruksbygd.

#### Stranda kommune

Stranda kommune har eit samla areal på 867,4 km<sup>2</sup>, av dette utgjør jordbruksareal i drift om lag 16 km<sup>2</sup>. Kommunen har hatt ei positiv befolkningsutvikling dei siste 10 åra. Folketalet per 01.01.2003. var på 4705 innbyggjarar, dette var ei auke på 163 personar frå 1993 fram til i dag. Den delen av befolkninga som bur i tettbygde strom er om lag som fylkesgjennomsnittet. Kommunen har eit variert og sterkt næringsliv med mellom anna kjøttvare- og spekematproduksjon, møbel- og tekstilproduksjon, samt ein del fiskeforedlingsbedrifter og mekaniske bedrifter. Kommune har også landets største produsent av ferdigpizzaer.

#### Geiranger

Geiranger ligg inst i Geirangerfjorden og er for ein stor del basert på sommarturisme. I løpet av sommarhalvåret kan så mange som 700 000 turistar vere innom bygda. Desse kjem både med bil og via turistbåtar som går inn fjorden. Det er noko landbruk i bygda som har eit folketal på 250.

### 2.2 Naturgeografisk klassifisering av verneområdet

Det er gjort ei naturgeografisk inndeling av naturen i Norden (Nordisk Ministerråd, 1984). Her er landskapsverneområdet klassifisert til å ligge i 2 regionar/underregionar:

- 35e Fjellregionen i søre del av fjellkjeda (Største delen av området)

- 37f Vestlandet sin lauv- og furuskogregion – Underregion: Nordfjord og Sunnmøre sine fjordstrom (Kanten langs Norddalsfjorden frå Skrednakken til Tafjord).

Region nr 35 er godt representert i norske verneområde, med 15-20 % verna i området mellom Sognefjorden og Romsdalen, medan region 37 er dårleg representert med under 2 % verna i området mellom Nordfjord og Romsdalen (St. meld. nr 43 (1998-99).

### 2.3 Klima

Klimaet i området varierer frå klart oseanisk ytst i Sunnlyvsfjorden til svakt oseanisk lengre inne. Temperaturforskjellane er relativt små gjennom året i dei ytste delane av landskapsverneområdet, men vert middels store i indre strom. Normalane frå perioden 1961-1990 viser ein årsmiddeltemperatur på 5,9°C og årsmiddelnedbør på 1315 mm på stasjonen Helsem i Stranda, og tilsvarende 6,9°C og 965 mm i Tafjord. Variasjonen i nedbøren er stor over korte avstandar pga. høgdeforskjellar og skiftande topografi.

### 2.4 Berggrunnsgeologi

Heile verneområdet ligg innanfor "Nordvestlandet gneisområde". Gneis er ein omdanna bergart som under dynamiske deformasjonar og høg temperatur, har utvikla typiske lag- og lengdestrukturar. Kjeldebergartane til gneisen er rundt ein milliard år gamle og dels eldre, men sjølv gneisstrukturane vart til på stort djupt nede i jordskorpa (vel 100 km), i kollisjonfronten under den kaledonske fjellkjedefoldinga, då den skandinaviske og den nordamerikanske kontinentplata kolliderte 400 mill. år sidan. Elles er det fleire lekamar av olivin mellom gneisane, særleg i den nordlege delen av vernefeltet, mellom anna ved Raudbergvika og i fjella mellom Norddalen og Tafjorden. Forvitringa av denne tunge bergarten utviklar ofte raudbrun farge. Dette næringsfattige mineralet gjev lite vegetasjon.

### 2.5. Landskapsformer

Den kaledonske fjellkjeda vart relativt fort slitt ned. Fjella i Noreg er eit resultat av vesentleg yngre i rørsler i jordskorpa - den tertiære landhevinga som fant stad dei siste 50-60 mill. år. Den skandinaviske halvøya vart løfta opp 1-2 km. Etter kvart som landet vart løfta opp, har elver grava seg ned i landblokka og utvikla elvedalar. Dei siste to mill. år, under istidene, har breane utvikla desse dalane til markerte U-dalar. Herdalen og Dyrdalen er klare døme på dette. Breane har også grava ut fjordane. Geirangerfjorden er eit klassisk døme på ein glacial fjord og ofte referert til i internasjonal faglitteratur. Den førglasiale elvedalen til Geirangerfjorden med dalbotnen nesten 100 m over fjorden, tilhørte opphavleg ein sidedal til Nordfjord sitt dalsystem, via Hornindal. Etter dette har breane utvikla ein passasje frå nord, gjennom Sunnlyvsfjorden.

Eit anna spesielt trekk ved Geirangerfjorden er den korte avstanden frå fjordbotnen til hovudvasskiljet mot Austlandet. Der er berre er 7 km frå Geirangerfjorden til toppen av Dalsnibba (her er Vestlandet smalast!). Hengjande sidedalar er eit anna typisk trekk. Vesteråsdaalen, Grinddalen og Gråsteindalen ovanfor Geiranger er klare døme på dette. Desse dalane har sitt utløp fleire hundre meter over hovuddalføret. Opphavleg låg også botnen av hovuddalføret i dette nivået, men har vorte senka av breen sin erosjon, medan det har vore vesentleg mindre erosjon i sidedalane, som har vorte "hengjande" igjen over hovuddalen. Fjellområda er eit typisk alpint landskap. Dette landskapet er utvikla av lokale brear som har grava ut botnar i sidene av fjella. Der botnane møtest frå to sider, får ein egger og tindar – som i sum utgjer det alpine landskapet. Med dei mange botnbreane i fjellområda, er det alpine landskapet framleis i utvikling.

## 2.6 Kvartærgeologi

Dei eldste lausavleiringane ligg på dei høgste fjelltoppane. Over ca. 1400 m.o.h. er fjellgrunnen djupforvittra fleire meter. Denne forvitringa skriv seg truleg tilbake til eit varmare klima før istidene. Den forvittra fjellgrunnen har meir eller mindre overlevd breane under istidene, medan breane har fjerna denne gamle forvittringsjorda i låglandet. Under istidene har denne forvittringsjorda vorte sterkt prega av frost med oppfrysing og konsentrering av blokker i overflata, ofte kalla blokkhav.

Morene er den mest utbreidde jordarten innanfor verneområdet. Mest utbreidd er botnmorene som er danna, transportert og avsett under isbreen. Botnmorene dekkjer botnane og sidene i mange dalføre, t.d. Herdalen og Dyrdaalen. Morene finns også som ende- og sidemorenar. Dei finns i stort tal i fjellområda. Dei fleste er avsett under ein kald periode under avslutninga av den siste istida (Yngre Dryas). Innlandsisen hadde då forlate størsteparten av verneområdet. Det kalde klimaet førte til omfattande nydanning av botnbreiar i fjella. Slike morenar finn ein mange stadar innanfor verneområdet. Særleg klare døme finn ein i Dyrdaalen. Det finst også unge morenar, etter breframrykk under "den vesle istida", då breane i Noreg hadde si største utbreiing etter den siste istida, i løpet av 1700- og 1800-talet. Slike morenar finn ein framom alle breane. På Geirangerfjellet kan ein sjå slike moreneryggar like ved vegen, framom Skjeringdalsbreen. Det finst også sidemorenar frå innlandsisen, frå ein stor utløpar i Geirangerfjorden. Slike moreneryggar finn ein mellom anna ved utløpa av Grinddalen og Gråsteindalen, ovanfor Geiranger. Det ligg mindre breelv- og elveavsetningar av sand og grus i dei største dalføre, t.d. ved Herdalssetra. Langs foten av dei mange fjellsidene ligg det ulike skredavsetningar.

Det finst ein del sedimentær jord i område, t.d. ei breelavsetning sør for Herdalsvatnet.

Torv er ein anna utbreidd jordart, særleg langs dei flate partia av dei største dalføra.

## 2.7 Vegetasjon

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er eit stort og variert fjord- og fjellandskap med eit rikt biologisk mangfald. Det har stor spennvidde i miljøtilhøve og inneheld mange verdifulle lokalitetar og interessante og dels truga artar. Gradientane går på kyst-innland, nord-sør og høgde over havet. For fleire naturtypar og artar er førekomstane innafor planområdet av stor verdi regionalt og til dels nasjonalt (Gaarder m.fl. 2001).

Området fangar opp ein god del av dei typiske og representative trekka og kvalitetane til fjordlandskapa på Vestlandet, med varmekjære lauvskogar med kravfulle planter, rasmarker, fossefall, elvegjøll og kuperte fjellandskap. Elles finn vi velhaldne seterlandskap med raudlista beitemarkssopp, som på Herdalssetra og i Botnen i Norddal. Desse er både artsrike og inneheld mange sjeldsynte og truga artar som er avhengig av det opne, velhevida kulturlandskapet. Fjordliene i Sunnlyvsfjorden (særleg mellom Tindbjørgane og Åkerneset) og Geirangerfjorden (særleg på nordsida) har store areal med varmekjær lauvskog, ofte saman med rasmark, tørrbakker og sørberg, med eit stort mangfald av planter og insekt. Frå nordsida av Geiranger og sørover dalen er det fleire rike rasmarker og tørrberg med regionalt sjeldsynte planter og eit rikt insektliv. På austsida av Geiranger frå Stavbrekka i sør til Gråsteindalen i nord ligg det på snau fjellet fleire relativt artsrike (til å vere på Vestlandet) lisesider og fjelldalar med mange karplanter på eller nær vestgrensa si i regionen (Gaarder m.fl. 2001).

Det er funne heile 17 raudlista artar beitemarkssopp i området, og det er også raudlisteartar av kjuke og lav. Av karplanter finn vi norddalsmarikåpe, brunburkne, bruntelg, bergfaks og kvitkurle. Det er også grunn til å ta fram den bisentrisk arten stivsilde som veks i kalkrike og gjerne nordvendte bergveggar i Geiranger (Gaarder m.fl. 2001).

## 2.8 Dyreliv

Fjordliene i Sunnlyvsfjorden (særleg mellom Tindbjørgane og Åkerneset) og Geirangerfjorden (særleg på nordsida) har store areal med varmekjær lauvskog, ofte saman med rasmark, tørrbakker og sørberg, med eit stort mangfald av planter og insekt. Frå nordsida av Geiranger og sørover dalen er det også fleire rike rasmarker og tørrberg med regionalt sjeldsynte planter og eit rikt insektliv. Ein art som bør nemnast spesielt, er den raudlista mneomsynesommarfuglen. I kartleggingsarbeidet av biologisk mangfald i det føreslåtte verneområdet, vart det påvist 9 nye lokalitetar for arten (Gaarder m.fl. 2001).

Alle dei 4 vanlegaste hjorteviltartane finst i området. Hjort og rådyr finst i gode bestandar, medan elgen opptreir meir sporadisk. Søraustre delar av området vert brukt av villreinstammen i Ottadalsområdet, og reinen kan kalve i områda vest for Viavatna og aust i Djupdalen. Dette skjer frå først i mai og til litt etter midten av mai.

Det er sporadisk jerv og fjellrev her. Kongeørn og havørn hekkjer ved fjorden, og av andre raudlista fugleartar finn ein jaktfalk, dvergspett, gråspett og kvitryggspett. Inne i Geiranger er det fleire tradisjonelle hubrolokalitetar, men hubroen har ikkje vore høyrte det siste tiåret (Per O. Solhaug, pers. oppl.).

## 2.9 Kulturminne og kulturmiljø

Området omfattar eit variert fjord- og fjellandskap med til dels gunstige klimatiske vilkår for busetnad frå naturen si side (høg middeltemperatur og høg produksjon), men topografien og naturtilhøva (rasfare) har gjort mange område vanskeleg tilgjengelege. Planområdet inneheld mange spesielle kulturmiljø av både nasjonal og internasjonal interesse og verdi samtidig som ein god del av dei representative trekka og lokale kvalitetane er til stades.

Setring har vore ein viktig del av landbruket i denne delen av regionen. For vel 100 år sidan vart ca. 45% av mjølka i desse herada produsert på setrane (J. Grude 1891). Kulturminna etter seterdrifta er i hovudsak nedlagde setrar der Homlongsetra er eit godt eksempel. Men unntaket er Herdalsetra med aktiv drift på ei verneverdig seter.

Langs Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden er fjord- og fjellsidene så stupbratte og rasfarlege at det aldri har vore aktuelt å lage vegar langs fjordane. Men likevel har her vore busetnad både i fjordkanten og på til dels svært vanskeleg tilgjengelege hyller oppover i fjellsida. Busettinga var basert på naturallushald med stor grad av sjølvberging. Med eit meir spesialisert samfunn med mellom anna større krav til skolegang, overgang til pengehushald og omlegging til meieridrift, vart gardane etter kvart nedlagde og fråflytta. Mykje har forfalle og noko har forsvunne, men Storfjordens Venner har saman med eigarane gjort ein stor innsats for å berge og restaurere mange av bygningane.

### Sunnlyvsfjorden

I Sunnlyvsfjorden ligg kanskje det mest særmerkte gardsanlegget, Meåkneset med husa bygd i rekkje oppunder fjellhammaren der fonna stryk over hustaket. Her er nabobruk til begge kantar og vis

á vis i fjorden ligg Oaldsbygda med fleire matrikelgardar. Til saman utgjorde denne "grenda" den mest barnerike skulekrinsen i Sunnlyven herad på slutten av 1800-talet. Andre gardar i fjorden med godt bevarte bygningar er Smoge og Lundanes. Rett overfor Lundaneset ligg grenda Ljøen som vart knytt til det offentlege vegnettet i 1790-åra då postvegen vart lagt gjennom landskapet. Køyreveg kom først med Ljøvegen tidleg på 1960-talet.

### Geirangerfjorden

Ytst i fjorden ligg gardane Matvik og Syltevik nede ved fjorden. Lenger inne finn ein fleire hyllegardar. Dei mest kjente er Skageflå med to bruk på fjellhylla, og Blomberg med samanbyggd stove, løe og fjøs.

### Herdalen

Den nemnde Herdalsetra ligg i Herdalen som hadde fast busetnad i mellomalderen og seinare vart seterdal. Mange av dei gamle seterhusa og eit rikt kulturlandskap er bevart. Det er også bevart bygningar frå tida før ein fekk veg inn til setra og høyr frå setra skulle fraktast med båt over vatnet til kombinerte naust og høyløer i vassenden der høyet vart lagra før heimkøyring med slede på vinterføre.

## 2.10 Vassdrag

Området har fleire av dei mest verdfulle vassdraga i fylket. Bygdaelva, Norddalsvassdraget og Geirangerelva oppstraums Storfossen er verna mot kraftutbygging. Særleg langs Geirangerfjorden finn vi mange småvassdrag som ut frå den store høgdeforskjellen dannar heilt spesielle fossar og vassfall. Dei mest kjente av desse er "Sju søstrer", "Brudesløret" og "Friaren".

## 3. ANDRE VERNEOMRÅDE OG VERNA VASSDRAG

### 3.1 Område verna etter naturvernlova

#### **Kallskaret naturreservat**

Kallskaret naturreservatet ligg i skaret mellom Herdalsvatnet og Tafjord i Norddal kommune. Det vart etablert 16. november 1984, og føremålet er å ta vare på bergarten eklogitt i veksling med andre bergartar. Arealet er ca. 900 dekar, og reservatet er omkransa av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde på alle sider.

#### **Hyskjet naturreservat**

Hyskjet naturreservat vart verna 27. juni 2003, og er ein førekomst med edellauvskog på ca. 525 dekar vest for Grande i Geiranger. Reservatet ligg mellom Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og arealet for kommunedelplanen for Geiranger.

### 3.2 Vassdrag verna mot kraftutbygging

Det er gjennomført 4 verneplanar for vassdrag, og ein 5. verneplan er under utarbeiding. Vassdragsvernet var opphavleg eit vern berre mot kraftutbygging, men etter utarbeiding av Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994) tek ein også sikte på å sikre vassstrengen og vassdragsbeltet (arealet inntil 100 meter frå vassdraget) mot andre inngrep. Det er lagt opp til ei differensiert forvaltning av vassdragsbeltet ut frå verneverdiar og brukarinteresser.

#### **Geirangelva/Vesteråselva**

Vesteråselva vart verna mot kraftutbygging i 1986 (Verneplan for vassdrag III). I 1993 (Verneplan for vassdrag IV) vart resten av hovudvassdraget oppstraums Storfossen i Geiranger sentrum verna. Det samla nedslagsfeltet er ca. 85 km<sup>2</sup>, og det aller meste ligg i landskapsvernområdet.

#### **Norddalsvassdraget**

Norddalsvassdraget vart verna i Verneplan for vassdrag IV. Vernet omfattar eit samla areal på ca. 105 km<sup>2</sup>, og sidevassdraga i Herdalen og Dyrdalen ligg i landskapsvernområdet.

#### **Bygdaelva**

Bygdaelva i Hellesylt i Stranda er eit sidevassdrag til Korsbrekkeelva som omfattar dei austlegaste delane. Bygdaelva vart også verna i Verneplan IV. Litt av nedslagsfeltet til Bygdaelva er med i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Dette er areal på nordsida av Holedalen frå Lianibba til Holedalsegga. Det meste av Hestebreen er foreslått verna som landskapsvernområde.

## 4. BRUKARINTERESSER OG INNGREP

### 4.1 Landbruk

Landbruket utgjør 6,4 % av sysselsettinga i Stranda og 23,1 % i Norddal (2001) og er såleis viktig næring i begge kommunane, men viktigast i Norddal. For industri er det motsett med 42,8 % i Stranda og 5,6 % i Norddal. I dei bygdene som vert mest omfatta av verneplanen, er det husdyrhald og turisme som er viktigaste

driftsgreinene. Frå skogen vert det årleg avverka om lag 1000 m<sup>3</sup> i kvar av kommunane til industrivirke og ved for sal. I tillegg kjem eit monaleg kvantum ved til eige bruk. På arealet i verneframlegget er det i hovudsak uttak av lauvvirke til ved som er aktuelt.

**Tabell 1.**

Oversikt over gardsdrift og husdyrhald i kommunane Stranda og Norddal

Driftsområde	Stranda		Norddal	
	1996	2002	1996	2002
Tal bruk i drift	182	145	140	109
Bruk med mjølkekyr	79	63	60	43
Tal kyr pr bruk i middel	9,8	11,0	10,9	12,7
Bruk med mjølkegeit	20	16	18	11
Andre bruk med storfe	88	77	63	55
Bruk med ammekyr	4	8	3	4
Bruk med sau	105	88	62	53
Gjennomsnittleg jordbruksareal pr bruk	104		90	
Tal bruk kjøpt/seld kumjølkkvote i 2002	6/0		6/15	
Tal sau/ lam på beite (1999)	3.209/ 5.425		2.075/ 3.003	

I Norddal kommune er det i det opphavlege forslaget teke med fulldyrka jord berre i Herdalen. I tillegg kjem beiteareal i Indreidsdalen og i utmarka elles.

I Stranda kommune derimot låg det frå starten betydelege jordbruksareal innafor arbeidsgrensene, sjå tabell 2. Gardane Opshaug og Lie har aktiv bruk av området frå Lie til Gryddevika som beite for sau og geit. Lie har drivverdig skog av bjørk og furu som det både har vore drift i og som er ein ressurs for garden i framtida. Hogst er og aktuelt som eit verkemiddel for å oppretthalde og eventuelt utvide beitearealet. Mellom utmarka til Lie og Gryddevika er det bruk på Kjølås som har eigedom retten. Ettersom bruka har lite naturleg tømmerkog i meir nærliggande utmark, vart furutømmer til husbygging ofte hogd her. Opshaug og Lie sankelag sitt beiteområde strekkjer seg frå Sunnylvfjorden til Vassetdalen, ca 10 – 12.000 dekar stort. Dyr på beite omfattar

425 sauer/lam og 200 geiter. Ca. 200 m nordaust for Dukelivatnet har sankelaget ei sankebu. Denne tener til overnatting og depot for slikkestein og utstyr til rydding. Lie er det største geitebruket i landet.

Etter at verneprosessen har gått sin gang med innspel på oppstartmeldinga og arbeid i den lokale arbeidsgruppa, er det aller meste av innmarksarealet i Stranda kommune teke ut av verneforslaget. Ein står att med berre Vesterås og fellesbeitet i Gråsteindalen. Konsekvensane av vernet vert utgreidd i to alternativ, med (1) og utan (2) at Vesterås er med. I alternativ 1 ligg det også at eit lite område med hustufter og beitemark (eldre slåtteeigar og sommarfjøsar) på gnr 117 Hole vert liggande innafor vernegrensene. Utanom desse områda er det seterstølar, m.a. Homlongsetra, Kvanndalsetra, Vinsåssetra, og Storsetra på Vesterås.

**Tabell 2.****Bruk i Stranda kommune med jordbruksdrift pr. 31.12.2000 med eigeidom innafor planlagt verneområde.**

Gnr	Brukar	Opplysningar om bruket					Innafor verneframlegget						
		Jordbruks-areal i drift		Mjølke-kyr/geit	Andre	Vinterfora	Jordbruks-areal i drift		Dyr på utmarksbeite			Tun	
		Totalt alt	Eig		Storfe	Sau/geit	Totalt	Eig	Storfe	Geit	Sau		
11	Lie	131	93	0/126	0	73/123	0	0	0	195	114		
110/ 111/ 112	Møllsbygda	259	265	0/122	0	88/130	0	0	0	202	144		
116	Vesterås	85	121	0	0	51/9	85	121	0	20	147	X	
118	Ørjasæter	264	366	25/0	29	14/0	0	0	21	0	33		
119	Oplendskedal	161	148	9/0	9	24/0	0	0	18	50	96		
120	Flydal	171	195	18/0	16	0	0	0	22	0	0		
	SUM	1071	1188	52/248	54	250/262	85	121	61	467	767		
	Gråsteindalen: beitedyr frå andre bygdelag						66					173	
	Oaldsbygda: beitedyr frå andre bygdelag											60	

Kjelde: Søknad om produksjonstilskot 2001

I Norddal kommune ligg framleis Herdalssetra med 160 dekar fulldyrka jord, beitemark og 34 bygningar innafor grensene til landskapsvernområdet. Herdalen har gnr 50 bnr 1, og er delt på 6 eigarpartar. Åtte bruk har gått saman i fôrdyrkarlag som leiger den dyrka jorda. Det er svært lang tradisjon for seterdrift i Herdalen, og her føregår framleis tradisjonell seterdrift med produksjon av geitemjolk og noko foredling av mjølkeprodukt for direkte sal. Herdalen er eit populært reisemål.

Av andre setrar i Norddal kan ein nemne Rellingsetra, Hatlestadsetra og Innsetsetrene. I Eidsdalen har ein m.a. Hjellesetra og Veibergsetra. Det er berre Innsetsetrene som ligg inne i verneframlegget. Det er ikkje aktiv seterdrift utanom beiting på andre setrar enn Herdalssetra. Setervollane er gode beiteområde og det beitar både storfe og sauer i området.

Tradisjonelt har gardsdrifta i desse bygdene vore svært sterkt knytte til bruken av utmarka med beiting, slått, stuing (lauving) og hogst av ved og tømmer. Den tida det var mange geiter som beita i utmarka (for 50 - 150 år sidan), var det mykje mindre skog og kratt enn det er no. Det var store område med snau beitemark og lier med stuva tre, særleg av alm og selje. Etter kvart som talet på beitedyr har gått attende, er det gamle kulturlandskapet i ferd med å gro att av skog og kratt. Landskapet endrar karakter. Det biologiske mangfaldet som er knytt til det gamle kulturlandskapet vert gradvis utarma.

## 4.2 Friluftsliv

### Turvandring

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde inngår i ansvarsområdet til Ålesund-Sunnmøre Turistforening (ÅST) som merkar og held vedlike stisystemet i området. ÅST har ikkje hytter her, men Kaldhussæter ved heimste Kaldhussætervatnet ligg rett aust for området. Dette er ei hytte som har betjening om sommaren.

Det går fleire andre merka og umerka stiar til turmål i området. Fleire av desse går til fråflytta fjordgardar som Skageflå, Knivsflå, Blomberg, Oaldsbygda (frå Ørnevegen), Smoge, Skrednakken, Verpesdal og Ospahjellen. Dette er delvis den gamle tilkomsten som vart brukt då gardane var i drift. Det er også stiar til Dyrtdalen, Skagedalsvatnet og Grinddalen (Standal m.fl., 1999).

ÅST og Stranda Turlag arrangerer fellesturar for mindre grupper til turmål i området. Dette varierer frå år til år, og det er gjerne turar på fjelltoppar i området. Desse turane er for det meste dagsturar.

Det meste av utfarten i området skjer gjennom kortare turar av dei mange turistane i området, jf. også KU for reiseliv (Vorkinn og Hagen 2003). Det er lagt til rette med stiar i nærområdet til Geiranger. Dei mest kjente turmåla er Dalsnibba, Flydalsjuvet, Storseterfossen og Flydalsnakken.



## Jakt og fiske

Det vert for tida jakta både hjort og villrein i området. Det vert leigd ut noko hjortejakt i Eidsdal, men elles er det grunneigarane som sjølv deltek i jakta. Dei austre delane av landskapsvernområdet er så verdfullt for villreinen at det gjev grunnlag for jakt på villrein både i Geiranger og i Tafjord. Tre vald i området får ein årleg kvote på ca. 20 dyr. Det meste av jakt skjer i Skjåk ved at det er etablert samjaktavtalar. Reinsjakta vert i stor grad utført av rettighetshavarane.

Det vert seld kort for småviltjakt i Kaldhusdalen, i Norddal og på Rønneberg, men interessa verkar å vere liten.

Det vert seld fiskekort i Norddal/Herdalen og for Kilstivatnet, Oaldsvatnet og Svartevatnet i Eidsdal. Også i Geiranger seljer grunneigarane fiskekort. For fiske er det grunneigarar og lokalbefolkning som flittigast utnyttar ressursane. Verdien av totalt fiskekortsal ligg kring kr. 15.000,- for heile området (Solhaug, Nerhus Dale, Mulelid pers. oppl.).

## Båtliv

Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden er ein del av eit båtutfartsområde av nasjonal verdi (DN, 1999). Området har i aukande grad vorte brukt til havkajakpadling. Det siste er organisert og vert marknadsført på internett.

## 4.3 Reiseliv/turisme

### Servering og overnatting

Geirangerfjorden vert kvart år besøkt av ca. 600.000 turistar. Dette gjer området til ein av dei 10 mest besøkte naturattraksjonane i Noreg. Geiranger har ca. 200.000 overnattingar årleg, med eit mangfald av tilbud av ulik standard frå høgstandard hotell til enklare campinghytter. Det er også fleire campingplassar rundt landskapsvernområdet.

Inne i landskapsvernområdet ligg Vesterås der det er 5 campinghytter og kafé om sommaren, og Djupvasshytta med matservering og noko overnatting (Idar Mølsæter, pers. oppl.). Det er også planar om kiosk/servisebygg oppe på Dalsnibba, men dette vert liggande i område som er omfatta av reguleringsplan.

I Norddal finn vi Herdalsetra der det både er tilbud om dagsturisme, servering og overnatting. Det er 10-15.000 gjestar innom pr. år. Serveringa skjer frå eit bygg som er spesielt lagt til rette for det, medan overnattinga er i fleire av sela som er på stølen.

### Båttrafikken

Cruiseturismen har lang tradisjon i Geiranger. Tidleg i førre hundreåret var det over 100 anløp pr. år. Aktiviteten har naturleg nok variert med den generelle samfunnsutviklinga, men no er denne aukande, og sesongen 2003 er det venta ca. 155 anløp med til saman ca. 100.000 passasjerar (Geir Gjærde, pers. oppl.). I tillegg kjem Hurtigruta med eitt dagleg anløp i sommarhalvåret, og ferjetrafikken mellom Geiranger og Hellesylt, og Geiranger og Valldal.

### Opplevingar

Ein stor del av cruisepassasjerane vert frakta med buss på kortare

turar til Dalsnibba og Herdalsetra. Geiranger Fjordservice AS fraktar folk på Geirangerfjorden, og dette er tilpassa korte besøk på nokre av fjordgardane.

Det er etablert 2 føretak som tilbyr guida turar i området, og det er skilta og merka fleire stiar til turmål i området.

## 4.4 Bergverksdrift

Industrimineraler AS har drive uttak av olivin i Raudbergvika i meir enn 20 år, og har konsesjon på rett til uttak innanfor ein 500 da stor parsell aust for og i inngangen av Sunnlyvsfjorden. Det vert teke ut ca. 500.000 tonn mineralar kvart år i høve til ein driftsplan godkjent av Bergvesenet. Drifta føregår både i dagbrot og under jord.

Det føreligg konkrete planar om utviding av brotet nord- og austover. Det er dokumentert rike og drivverdige førekomstar på Skrednacken, men omfanget av førekomsten er ikkje kjent. Både drifta innafor konsesjonen i dag i Raudbergvika og ei eventuell vidareføring inn i Skrednacken, kan utførast hovudsakeleg ved underjordsdrift, sjølv om nødutgangar, ventilasjonsvifter og sjakter vil medføre nye terrenginngrep. Utsprengt gråberg vil bli deponert i utdrivne fjellhallar. (Industrimineraler AS 2003).

Det er bygd knuseverk, kai og brakkeriggar nede ved sjøen. Dagbrotet er godt synleg i terrenget, sjølv om avslutta driftsområde vert restaurert eller førebudd for naturleg gjenetablering av vegetasjon.

Det har vorte fremja planar for transport av anleggsmaskiner fram til dagbrotområdet ved evt. drift i Skrednacken. Industrimineraler AS har foreslått å bruke traséen frå Kilsti til Skrednacken til ein enkel køyreveg, men dette vert ikkje sett på som aktuelt no (Tore Rødal, pers. oppl.). Drifta i Raudbergvika representerer 26 årsverk.

## 4.5 Kraftutbygging

### Eksisterande kraftutbyggingar

Det er ikkje føreteke kraftutbyggingar innan landskapsvernområdet, men dei austre delane av området drenerer til kraftverket K3 i Tafjordutbygginga. Det er gjort reguleringar i Kolbeinvatnet (9 m), Heimste Viavatnet (35 m) og Sletdalsvatnet (21 m). Kolbeinsvatnet var med i meldinga, men pga. storleiken på reguleringa, tilrår vi at grensa vert trekt utanom.

I samband med utbygging og drift av magasinet er det laga køyrespor frå RV 63 til Kolbeinsvatnet.

### Samla Plan for vassdrag

Samla Plan for vassdrag er gruppevis prioritering av kraftutbyggingsprosjekt for seinare konsesjonsbehandling. Prioriteringa er basert på kraftverkekonomisk lønsemd og brukarinteresser i vassdraget som vassforsyning, naturvern, landbruk, friluftsliv, fisk, vilt m.v. Metoden er noko modifisert dei siste åra, men går no i hovudsak ut på å sortere utbyggingsprosjekta i 2 kategoriar, kategori I som kan konsesjonssøkjast no, og kategori II som ikkje kan konsesjonssøkjast.

Samla Plan for vassdrag er samkøyrte mot nasjonalparkmeldinga. Prosjekt i kategori I skal ikkje hindrast av vern, medan konflikhtar med kategori II-prosjekt skal avklarast i verneplanprosessen.

Det er utarbeidd 2 alternativ for utbygging av prosjekt 41501 Øye i Eidsdalselva. Det eine påverkar landskapsvernområdet ved at det føreset regulering av Svartevatn og Oaldsvatn. På grunn av lokal motstand er dette alternativet plassert i kategori II. Forholdet mellom vern og framtidig tiltak i Oaldsvatn og Svartevatn må difor avklarast i dette verneplanarbeidet.

Det har vore planar for fleire utbyggingsprosjekt i Herdalen og Geirangelva. Desse vart uaktuelle etter at Norddalsvassdraget og Geirangelva vart teke inn i verneplan for vassdrag IV.

### **Minikraftverk**

Under verneplanarbeidet er det meldt inn at det kan vere aktuelt å bygge minikraftverk på Smoge i Norddal og Ljøelva i Stranda. Vi er ikkje kjent med at det føreligg meir konkrete søknader om dette.

### **Kraft- og telefonliner**

Tafjord Kraftproduksjon AS har 2 doble 132 kV kraftliner frå Tafjord og utover til Valldal (Eivind Vestre, pers. oppl.). Desse går i ytterkanten av landskapsvernområdet på vestsida av Tafjorden over ei strekning på 6 km.

Norddal E-verk har følgjande 22 kV kraftliner i området (Steinar Vikene, pers. oppl.):

- Tafjord-Norddal over Kallskaret
- Eidsdal-Geiranger (Denne traséen er utsett for ras, og det kan vere nødvendig med tiltak)
- Kilsti-Raudbergvika

Det er bygd telefonline frå Eidsdal til Smoge (Lars Smoge pers. oppl.), og elles går det ei telefonline gjennom området frå Eidsdal til Geiranger.

## **4.6 Vegar og sjøtransport**

### **Offentlege vegar**

RV 63 ligg i landskapsvernområdet på ei ca. 15 km strekning frå Oppland grense til Kvanndalsfossen, og over 5 km frå toppen av Ørnevegen til Indreeidsdalen i Eidsdal. Den lengste parsellen er berre sommaropen, og vert til vanleg brøytta opp rundt midten av mai. I nasjonal verneplan for vegar bruer og vegrelaterte kulturminne er Geirangervegen ei prioritert vegstrekning, og størstedelen av denne ligg såleis inne i framlegget til landskapsvernområde. Parsellen Ørnevegen-Indreeidsdalen er rasutsett. Ca. 600 meter er lagt i tunnel, men det er framleis behov for nye rassikringstiltak. Det er utarbeidd førebelse planar for heilårsveg frå Oplendskedal til Grotli, men verken desse eller andre tiltak er prioritert i Nasjonal transportplan 2002-2011. RV 63 har status som Nasjonal Turistveg gjennom heile landskapsvernområdet.

Det går ein kommunal veg til Vesterås. I alternativet der Vesterås er med, ligg parsellen frå Vesteråselva til tunet på Vesteråsgardane inne. Veggen er ein smal, oppmura grusveg, og er ikkje køyrbar med større køyretøy. Frå ein av grunneigarane på Vesterås vert det

framheva som ei stor ulempe for turismen der at turistbussar ikkje kan køyre heilt fram (Per Westerås pers. oppl.).

### **Private vegar**

Det er bygd ein 4 km privat bomveg frå RV 63 til toppen på Dalsnibba. Veggen var ferdigstilt i 1939. Veggen har grusdekke, og er køyrbar for bussar. Oppe på toppen av Dalsnibba (1476 m.o.h.) er det laga parkeringsplass, og det vert arbeidd med å få reist eit servisebygg oppe her. Dei øvste 300 metra og parkeringsplassen er omfatta av ein reguleringsplan, og ligg utanfor landskapsvernområdet, resten er med.

Det går ein 7 km bomveg til Herdalen. Veggen vert brukt både til landbrukskøyring og turisme. Grusvegen har god nok standard til at bussar kan køyre opp. Det er ikkje bygd noko spesielt parkeringsanlegg oppe på Herdalsetra, for grunneigarane ønskjer å avgrense køyring og parkering inne på seterstølen.

Det er bygd ein landbruksveg frå Korsmyra til nydyrkingsfeltet i Gråsteindalen, og det er driftsvegar både på Vesterås og Hole.

### **Sjøtransport**

Cruise- og hurtigrutetrafikken til Geiranger er nemnt tidlegare. Det er ikkje eigna kai for å ta imot desse skipa, så dei ankrar opp på bukta ved Geiranger utanfor landskapsvernområdet. Passasjerane vert frakta inn med mindre båtar.

Det går ferjeruter Valldal-Geiranger (15.06 – 15.08) og Geiranger-Hellesylt (01.05 – 30.09). Dette er ruter som er tilpassa turisttrafikken. Dei går sakte og nær land, slik at passasjerane skal få sjå attraksjonane langs fjorden.

## **4.7 Havbruk**

Det ligg ingen anlegg i området i dag. To anlegg har landfeste i området. Det gjeld Fjordlaks Marine AS sine merdanlegg for forsk ved Vindsneset og Ospahjellbugen.

Det er nyleg behandla 3 søknader om skjelloppdrett i Sunnylvsfjorden innanfor grensene. Alle desse er avslått. Ein 4. søknad om skjelloppdrett i Dukevika ligg pr. juli 2003 til behandling i Fiskeridirektoratet. Miljøvernstyresmaktene har frårådd denne.

## **4.8 Hytter og annan busetnad**

Det er etter måten lite bygningar i området utanom fjordgardane og seterstølane. Ved Ljøen i Stranda ligg det nokre hytter nede ved sjøen der den gamle postvegen kjem i land. Det ligg også hytter ved ein del fiskevatn i utmark som Kolbeinsvatnet, Flydalsvatnet, Kilstivatnet, Storvatnet i Gomsdalen og Storvatnet i Dyrdalen.

## **4.9 Andre inngrep og påverknad**

### **Telekommunikasjonsanlegg**

Det står ein TV-omformar inne i området på Heiane under Dalsnibba (Stranda kommune, 2002). Det er også eit anlegg på Blåhornet i Eidsdal som ligg i grensa for landskapsvernområdet.

## Forskningsstasjonar

Universitetet i Oldenburg, Tyskland, har 2 klimastasjonar rett ved Dalsnibba. Dette er små anlegg som har liten verknad på landskapet.

## 4.10 Planstatus

### Kommuneplanane

I gjeldande arealdel til kommuneplanen for Stranda er landområda sett av til LNF-sone 3, dvs. område med forbod mot fritidsbusetnad unnateke i ein del seterområde. Sjøareala er ikkje planlagt. Heller ikkje Geiranger har godkjent kommunedelplan, men planarbeidet er starta opp, og ein forventar at planen vert ferdig i løpet av 2003. Denne kommunedelplanen skal også sikre verneverdiar knytt til natur- og kulturlandskap i dei areala som vart teke ut av verneplanarealet.

I Norddal er områda avsett til LNF-sone utan bestemmingar om spreidd utbygging. Det er sett av eit mindre byggeområde for fritidsbygg på austsida av Herdalsvatnet. Nedslagsfelta til vassverka på Kilsti, Nonsdalen, Dyrdalen og austsida av Kallskaret er bandlagt i høve til klausuleringsbestemmelser. I kommuneplanen er det også sett krav om at tiltak på dei mest verdfulle seterstølane skal vurderast av kulturvernstyresmaktene, og det kan krevjast regulerings- eller bebyggelsesplan for store endringar. Sjøområda er sett av til fleirbrukssone NFFFA. Det er avsett eit område for råstoffutvinning i Raudbergvika. Dette ligg utanfor verneframlegget.

### Reguleringsplanar

Det er utarbeidd ein reguleringsplan for Dalsnibba som ligg innanfor området. Her er det sett av byggeareal for eit servisebygg på toppen, og det er i tillegg sett av spesialområde for gangareal, veg og parkering. Utanfor trafikkareala er det regulert eit spesialområde som friluftsområde.

I tillegg omfattar reguleringsplanane for Homlong og Flydalsjuvet areal inntil verneframlegget. På Homlong er det næraste arealet regulert til jord- og skogbruk.

### Fylkesplanen

Fylkesplanen for Møre og Romsdal tek opp berekraftig arealforvaltning. Planen viser til at delar av det biologiske mangfaldet er under press, og at det er viktig å identifisere og skjerme dette. Ein

konstaterer at vern etter naturvernlova berre sikrar små areal, og at det på lang sikt er viktig kva som skjer med "kvardagsarealet". Ein strategi i planen er å forvalte areala slik at også etterkommara våre kan oppleve og ha nytte av variasjonen og rikdommen som pregar naturen i fylket.

Fylkesplanen viser til at endringar i landbrukspolitikken går utover kulturlandskapet. Planen har difor ein strategi om å ivareta kulturlandskapet slik at viktige estetiske, kulturelle og biologiske verdiar vert sikra for framtida. Forvaltninga må skje i samarbeid med ei berekraftig landbruksnæring. Eitt tiltak i planen er å utarbeide ein fylkesdelplan for kulturlandskap.

Det er laga ein fylkesdelplan for inngrepsfrie område. Ved å oppretthalde inngrepsfrie område ønskjer ein i Møre og Romsdal å verne om det biologisk mangfaldet og sikre komande generasjonar retten til å oppleve urørt natur og til sjølv å ta avgjerd om forvaltning av desse områda. Geiranger-Herdalen er eitt av 18 prioriterte område i denne fylkesdelplanen.

### Storfjordprosjektet

Fylkesmannen har i samarbeid med kulturlandskapsgruppa gjennomført eit treårig prosjekt for å utarbeide ein fagrapport om kulturlandskapet i kommunane Norddal, Stordal og Stranda. Fagrapporten skal danne bakgrunn for forvaltninga av kulturlandskapet. Ivaretaking og vidareutvikling av kulturlandskapsverdiar er sterkt knytt til eit aktivt landbruk. Prosjektet skal gjennom konkrete døme vise korleis det kulturhistoriske og biologiske mangfaldet kan takast i vare, og korleis landskapet kan vere ein ressurs både for dei fastbuande og for reiselivet. Prosjektet gjev og døme på korleis verdiar i landskapet kan komme til syne i planlegging.

Hovudmåla med prosjektet har vore:

- ta vare på kulturlandskapsverdiar og skape trivsel for lokalbefolkninga og turistar
- sikre det kulturhistoriske og biologiske mangfaldet
- utarbeide forvaltningsstrategi for å oppretthalde aktivt landbruk
- integrere omsynet til kulturlandskapet i planlegginga
- bevisstgjere og aktivere lokalbefolkninga når det gjeld kulturlandskapsforvaltning

## 5. FORSLAG TIL VERNEFORM OG AVGRENSING AV VERNEOMRÅDE

### 5.1 Generelt om landskapsvernområde

Landskapsvernområde er den svakaste forma for områdevern etter naturvernlova. Heimelen for å opprette landskapsvernområde er naturvernlova § 5. Kravet er at dette er eigenarta eller vakkert natur- eller kulturlandskap, og her må det ikkje setjast i verk tiltak som vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter. Det er ikkje krav til eigarforholda som for nasjonalparker, og det kan difor opprettast landskapsvernområde på reint privateigde areal.

Naturvernlova § 6 gjev heimel for verneforskrifter, skjøtsel og bruk av landskapsvernområdet. Etter § 7 gjeld ikkje §§ 5 og 6 i område som er omfatta av reguleringsplan etter plan- og bygningslova. Dette betyr at bestemmingane for arealbruken i reguleringsplanen ville vere sterkare enn vernet, og vi har difor teke ut regulerte område av landskapsvernområdet.

Naturreservat vert oppretta i medhald i naturvernlova §§ 8-10, og er eit sterkare vern enn landskapsvernområde. Vernereglane for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde vert difor ikkje gjort gjeldande for Kallskaret naturreservat og Hyskjet naturreservat, og grensene er difor trekt utanom desse.

### 5.2 Vurdering av verneverdiane og framlegg til vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Ved utarbeiding av verneframlegget for Geiranger-Herdalen har Fylkesmannen særleg sett på om verneverdiane tilfredsstillar krava til dei ulike verneformene i naturvernlova. Pga. eigeidomsforholda er nasjonalpark ei uaktuell verneform i området, og dette er også avklart i St.meld. nr. 62 (1991-92).

Etablering av landskapsvernområde krev at ein har eit eigenarta eller vakkert natur- eller kulturlandskap. Kravet til at landskapet er eigenarta må tolkast til at det er særprega i høve til distriktet, og vurdering av kor vakkert ein landskap er, vil bli så subjektivt at det vanskeleg kan etterprøvast av domstolane (Backer 1986). Nemninga natur- eller kulturlandskap er også så vid at det berre er typiske utbyggingsområde som vil falle utanom.

Geiranger-Herdalen er etter fylkesmannen si meining svært særprega i både nasjonal og internasjonal samanheng. Vi viser her til vurderingane som er gjort for å nominere området til Verdsarvlista som ein representant for vestnorsk fjordlandskap (Nordisk ministerråd, 1996). Vidare viser vi til dokumentasjonen som er utarbeidd i samband med dette verneframlegget. Følgjande moment er særleg lagt vekt på:

- Størstedelen av området tilfredsstillar kravet til dei 2 høgaste verdiklassane i ein landskapsanalyse. Dette gjeld alt areal langs Sunnylv- og Geirangerfjorden, samt fjellområda aust for RV63 til Herdalen og Via/Kolbeinsvatnet (Miljøfaglig Utredning, 2000).

- Geirangerfjorden og Herdalen/Dalsbygda er registrert som nasjonalt verdfulle kulturlandskap (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1994 og 1995).
- Området har eit rikt biologisk mangfald med mange verdfulle lokalitetar og interessante og truga artar. Mangfaldet er særleg knytt til kulturlandskap, rasmærker og rike lauvskogar (Gaarder et.al. 2001).
- Området har ein instruktiv geologi med olivinholdige bergartar og verneverdige morenar i Dyrdalen og Gråsteindalen (Sollid og Sørbel, 1981).
- Området har verdfulle vassdrag, der Geirangelva og Norddalsvassdraget står fram som dei viktigaste av dei store (Melby & Gaarder, 2000 A og B). Småvassdrag langs Geirangerfjorden dannar særmerkte fossar og vassfall som er eit viktig element i landskapet.
- Store delar av området er urørt av inngrep, og vi finn eitt av dei 5 villmarksprega områda i fylket her som ligg meir enn 5 km frå større tekniske inngrep (Statens kartverk, 1999). Området er eit prioritert inngrepsfritt område i fylkesdelplanen for inngrepsfrie område (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2000).
- Dei nordvestre delane av området vil supplere arealet av ein naturgeografisk underregion (37f) som er svakt representert blant norske verneområde. Området vil også supplere arealet med verna sjø- og strandlandskap.

Framlegget til grenser er gjort ut frå å minimalisere konflikter med brukarinteressene samstundes som dei viktigaste verneinteressene vert sikra i landskapsvernområdet. Følgjande omsyn er teke:

#### Reguleringsplanar

Alle reguleringsplanar er halde utanfor verneframlegget fordi ein reguleringsplan går framom bestemmingane om landskapsvernområde. Arealet for reguleringsplanen på toppen av Dalsnibba er difor teke ut, og ligg som eit isolert areal inne i landskapsvernområdet. På Homlong går verneframlegget ned til området som er omfatta av reguleringsplanen for Homlong. Andre reguleringsplanar ligg ikkje så nær verneframlegget.

#### Naturreservat

Kallskaret naturreservat ligg inne i landskapsvernområdet. Hyskjet naturreservat ligg heilt inntil verneframlegget med felles grense over ei strekning.

#### Kraftforsyning

Reguleringsmagasinet Kolbeinsvatnet med demninga teke ut av framlegget. Reguleringshøgda er inntil 9 meter, og inngrepet utgjer såleis eit markert negativt element i landskapet. Magasinet ligg på planleggingsgrensa til det meldte landskapsvernområdet, med ein stor del inne i Oppland. Justeringa medfører difor inga unaturleg eller uheldig arrondering av området.

Det går 2 doble 132 kV kraftliner på ei 6 km strekning langs vestsida av Tafjorden. Avstanden til fjorden er inntil 500 meter. Desse utgjer eit markert element i landskapet, både gjennom nær- og

fjernverknad. Fylkesmannen er ikkje kjent med planar for oppgradering eller framføring av nye liner i området. Vi har vurdert ulike avgrensingar av landskapsvernområdet i området, men har funne større fordelar i eit samanhengande område som går ned til Tafjorden, enn å ta ut soner langs stranda eller etter lia.

Eksisterande 22 kV liner og lågspentnett er ikkje vurdert til å ha så store ulemper at det påverkar grensesettinga.

### **Geiranger**

Geirangerbygda med busetnad, landbruk og reiselivsanlegg er halde utanfor verneframlegget, og verneverdiane skal sikrast gjennom ein kommunedelplan for Geiranger. Grensene er trekt noko høgare opp i verneframlegget enn grensene for konsekvensutgreiinga.

I lia aust for Ørjasæter er grensa trekt ovanfor det som må reknast som drivverdig skog. Grensa er sett slik at setra Vinsås vert med i landskapsvernområdet. Denne er eit viktig landskapselement der dei fleste sela er haldne vedlike. Granplantingane ved Grindalselva er teke ut ved at grensa kryssar elva ved 400 m.o.h.

På vestsida av Geiranger kryssar grensa Flydalselva på 400 m.o.h. Frå lokalt hald er det framheva at vernet ikkje må hindre uttak av eit furuplantefelt oppe på Flydalsnakken. Vi har difor trekt grensa slik at det er tilgang for evt. skogdrift frå sørsida av området, samstundes som det er lagt vekt på å ta vare på landskapsbiletet gjennom å ta vare på kanten som vender ut mot Geiranger sentrum. Flydalsjuvet er kanskje det mest særmerkte landskapselementet i Geiranger, og dette vert også med i landskapsvernområdet.

### **Vesterås**

Det er laga 2 alternativ for gardane på Vesterås, eitt der hus og innmark er med i landskapsvernområdet, og eitt der dei er haldne utanfor. Vesterås er eit svært markert landskapselement i Geiranger der gardane ligg med bygningane i ei klynge ovanfor den høge hammaren opp for Geiranger sentrum. Innmarka ligg rundt tunet på alle sider, og er svært tungdrive. Området er eit viktig kulturlandskap med eit rikt biologisk mangfald særleg knytt til rasmarkene oppom tunet. Ei viktig utfordring vert å sikre vidare drift av areala.

Alternativ 1 der Vesterås er med i landskapsvernområdet baserer seg på eit vern av området etter naturvernlova, der ein vil sikre areala gjennom ein prioritert bruk av ulike økonomiske verkemiddel, m.a. bør det prioriterast forvaltningsmidlar frå drifta av landskapsvernområdet. Vidare foreslår vi at ein unngår å legge sterke hindringar i vegen for vidare utvikling av området gjennom ei

liberal praktisering av vernereglane. Samarbeid og informasjon vert også viktige verkemiddel.

Alternativ 2 der Vesterås er utanfor landskapsvernområdet legg opp til ei forvaltning etter plan- og bygningslova og ulike særlover og verkemiddel elles. Dette alternativet opnar i større grad for meir lokalt ansvar for sikring av verneverdiane, og stiller sterkare krav til bidrag frå ordningar innan landbruk, kulturvern og reiseliv.

Begge alternativa vert sendt på høyring utan noko tilråding no.

### **Ljøen og Lie**

Mogelege område for landbruk og næringsutvikling på Ljøen og Lie er teke ut av framlegget. Her vil vi særleg framheve den omsøkte skogsvegen frå Lie og sørover mot Duken.

### **Raudbergvika**

Areal for dagbrot og tunnelpåhogg til olivinbrotet i Raudbergvika er teke ut av verneframlegget. Areala der det er aktuelt å drive underjordisk drift er foreslått verna etter at det er gjeve opning for å gå ut i landskapsvernområdet med mindre luftesjakter og liknande.

### **Eidsdal**

I planleggingsprosessen har det kome sterke krav om at grensene rundt Eidsdal vert heva i høve til konsekvensutgreiingsprogrammet. Det er særleg peika på at det må bli høve til å realisere planar om å etablere eit skitrekk/alpinanlegg på Eidsheia, og at området rundt Kilstivatnet og fjellet Blåhornet vert teke ut slik at det kan byggast veg opp dit og etablerast eit utkikkspunkt for turistar der. Desse planane er ikkje konkretisert i kommuneplanen eller andre overordna dokument endå. Det har også vorte fremja ønskje om å ta ut Indreeidsdalen sør for Eidsvatnet.

Fylkesmannen har vurdert desse innspela og har også fått innspel frå den rådgjevande samarbeidsgruppa. Verneverdiane i Eidsdal er særleg knytte til kulturlandskap og landskapsbilete generelt. Viktige kulturlandskapslokalitetar finn ein i Indreeidsdalen og på Kilstisetra. Landskapet med høgast inntrykksstyrke ligg aust for Eidsdal, medan areala rett vest for Eidsdal vert karakterisert som meir typisk landskap med gode kvalitetar. Ut frå viktige kulturlandskapsverdiar og lågt konfliktnivå, foreslår vi vern i Indreeidsdalen og rundt Kilstivatnet. Dette er i tråd med rådet frå samarbeidsgruppa. Vi finn å kunne ta ut areal på Eidsheia og i ein sektor på Blåhornet som gjev grunnlag for vidare arbeid med skitrekk og reiselivstiltak i desse områda. Den vidare planlegginga vil difor måtte skje etter plan- og bygningslova i regi av kommunen, inkludert tilrettelegging og sikring av verneverdiane.



## 6. FORSLAG TIL VERNEFORSKRIFT MED KOMMENTARAR

I dette kapitlet har vi sett opp framlegget til verneforskrift. Utfyllande merknader og tilrådd forvaltningspraksis går fram av kap. 6.2. Det er ikkje foreslått forskjellar i forskrifta for dei 2 ulike alternativna for Vesterås.

### 6.1 Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Fastsett ved kgl. res. av ..... medhald i lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 5 og § 6, jf. §§ 21, 22 og 23 er eit område i kommunane Stranda og Norddal i Møre og Romsdal fylke verna som landskapsvernområde. Fremma av Miljøverndepartementet.

#### § 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet omfattar følgjande gnr/bnr:

Norddal kommune:

37/1, 37/2, 37/3, 37/4, 37/5, 37/6, 37/7, 37/8, 38/1, 42/1, 43/1, 44/1, 44/3, 45/1, 46/1, 47/1, 47/2, 47/3, 48/1, 49/1, 49/2, 49/3, 49/4, 49/5, 49/7, 49/8, 48/9, 49/10, 49/11, 49/12, 49/13, 49/14, 49/21, 50/1, 50/2, 51/1, 51/2, 51/3, 52/1, 52/2, 52/3, 52/4, 52/5, 52/6, 53/1, 53/2, 53/3, 53/4, 53/5, 53/6, 53/7, 53/8, 53/9, 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 54/5, 61/1, 61/2, 61/3, 61/4, 62/1, 62/2, 62/3, 63/1, 63/2, 63/3, 63/4, 63/5, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/19, 65/1, 65/2, 65/3, 65/4, 65/5, 65/6, 65/7, 66/1, 66/2, 66/3, 66/4, 67/1, 67/2, 67/3, 69/1, 69/2, 69/3, 69/4, 69/5, 69/6, 69/7, 69/8, 69/9, 70/1, 71/1, 71/2, 72/1, 72/2, 72/3, 72/7, 73/1, 73/2, 73/3, 73/4, 73/5, 73/6, 73/7, 73/8, 74/1, 75/1, 75/2, 75/3, 75/4, 76/1, 76/2, 76/3, 77/1, 78/1, 78/2, 79/1.

Stranda kommune:

11/1, 12/1, 59/1, 59/3, 59/4, 59/6, 60/1, 60/2, 60/4, 60/6, 64/1, 64/2, 64/3, 64/4, 64/5, 64/6, 64/7, 64/8, 64/9, 64/10, 65/1, 65/2, 65/3, 65/4, 65/5, 65/6, 92/1, 93/1, 93/3, 93/4, 94/1, 94/2, 95/1, 95/2, 96/1, 96/2, 97/1, 98/1, 98/2, 99/1, 99/2, 100/1, 100/2, 102/1, 103/1, 103/2, 104/1, 104/2, 105/1, 106/1, 106/2, 106/3, 107/1, 107/2, 108/1, 109/1, 109/2, 110/1, 111/1, 111/2, 111/7, 112/1, 112/2, 112/3, 113/1, 113/2, 114/1, 114/4, 114/11, 115/1, 115/2, 116/1, 116/2, 116/3, 117/1, 117/2, 117/5, 118/1, 118/2, 118/3, 118/12, 119/1, 119/2, 119/3, 119/4, 119/5, 119/6, 119/11, 119/12, 119/13, 119/14, 120/1, 120/2, 120/3, 120/4, 120/5, 120/11, 120/18, 120/24, 121/1, 121/2, 121/3, 121/4, 122/1, 122/2, 122/3, 122/4, 123/1, 123/2, 123/5, 124/1, 124/2, 125/1, 125/2, 125/3, 125/4, 126/1, 127/1, 127/2, 128/1.

Det samla arealet er på ca. 498 km<sup>2</sup>.

Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagte kart i målestokk 1:100.000, datert Miljøverndepartementet, .....  
20..... Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast. Verneforskriftene med kart skal oppbevarast i Stranda og Norddal kommunar, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### § 2 FORMÅL

Formålet med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å:

1. Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
2. Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
3. Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

#### § 3 VERNEFØRESEGNER

##### 1. Inngrep i landskapet

1.1 Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, uttak av stein, mineralar eller fossilar, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende. Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak kan endre landskapet sin art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Vedlikehald av bygningar og innretningar.
- b) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i medhald i forvaltningsplan.
- c) Drift og vedlikehald av jordbruksareal og setervollar.
- d) Anlegg av sanketrøer og nødvendig gjerding.
- e) Vedlikehald av eksisterande vegar.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.
- b) Gjenoppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- c) Oppføring av driftsbygningar for landbruksverksemd.
- d) Restaurering av kulturminne/kulturmiljø i samsvar med forvaltningsplanen.
- e) Bygging av bruer og klopper.
- f) Bygging av brygger for ilandstiging.
- g) Omlegging og opprusting av eksisterande vegar.
- h) Nydyrking og beitekulturivering.
- i) Uttak av sand og grus til eige bruk.
- j) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.
- k) Prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter i samband med underjordisk drift av mineralar med uttaksstad utanfor verneområdet.

## **2. Plantelivet**

2.1 Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode.

2.2 Beiting er tillate.

2.3 Skogsdrift og uttak av ved skje i medhald i plan som er godkjent av forvaltningsstyresmakta. Ein plan skal normalt byggje på følgjande retningslinjer:

- lukka hogstformer bør nyttast.
- eventuelle hogstflater skal ikkje overstige 3 daa.
- områder som vesentleg pregar skogbiletet skal bevarast.
- bekkedalar, urskogslommer, koller og skogsfuglleikar skal bevarast.
- bestand med edellauvskog og areal med fuktskog skal ikkje uthoggast.
- etablering av ny skog skal helst skje ved naturleg forynging.
- ved behov kan suppleringsplanting nyttast.

## **3. Dyrelivet**

3.1 Jakt er tillate etter viltlova.

3.2 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeleva.

3.3 Fangst og fiske i sjø er tillate etter saltvassfiskeleva.

## **4. Ferdsl**

4.1 All ferdsl skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Ferdslsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve, jf. pkt 4.2.

4.2 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til større idrettsarrangement, øvingar, teltleirar og annan omfattande eller skadeleg organisert ferdsl.

4.3 Innanfor nærmare avgrensa deler av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsl som kan være til skade for naturmiljøet.

4.4 Bestemmingane i punkt 4 gjeld ikkje nødvendig ferdsl i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsel-, oppsyn og forvaltningsoppgåver.



## **5. Motorferdsel**

5.1 Motorferdsel er forbode på land og i vatn.

5.2 Forbode i punkt 5.1 gjeld ikkje:

- a) Motorferdsel ved militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, skjøtsel-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver.
- b) Motorferdsel på og ved innmark i samband med drift av jordbruksareal.
- c) Bruk av elgtrekk.
- d) Bruk av båt med motor i samband med fiske i innsjø over 2 km<sup>2</sup>.
- e) Bruk av motorbåt på Geirangerfjorden og Sunnlyvsfjorden.
- f) Motorferdsel i samband med skogsdrift som er tillate etter 2.3.
- g) Motorferdsel på vegar som er avmerka/godkjent i forvaltningsplanen.
- h) Motorferdsel på køyrespor frå RV 63 til Kolbeinsvatnet for drift av kraftanlegg.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av båt med motor, beltekøyretøy på vinterføre eller start og landing med luftfartøy i samband med:

- a) Husdyrhald.
- b) Storviltjakt.
- c) Fiske.
- d) Transport av varer inn til hytter og stølar.
- e) Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, klopper o.l.
- f) Oppkøyring og preparering av skiløyper og skibakkar.
- g) Øvingsverksemd.

## **6. Forureining**

6.1 Forbod mot forureining

Forsøpling og bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.

6.2 Avfall

Avfall skal takast med ut av området.

6.3 Støy

Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.

## **§ 4 FORVALTNINGSPLAN**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å fremme føremålet med vernet. Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

## **§ 5 GENERELLE DISPENSASJONSFØRESEGNER**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå bestemmingane når føremålet med fredinga krev det, for vitenskapelige undersøkingar og arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi, eller i andre særlege tilfelle når dette ikkje strir mot føremålet med vernet.

## **§ 6 FORVALTNINGSSTYRESMAKT**

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområdet.

## **§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL**

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av landskapsvernområdet.

## **§ 8 IKRAFTTREDING**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## 6.2 Kommenterar til verneforskrifta

Verneforskrifta er eit juridisk bindande dokument som fastset ymse rettar og plikter for ulike aktørar som brukar landskapsvern-området. Forskrifta syner kva tiltak og aktivitetar som er forbode, kva som er direkte tillate, og kva det kan gjevast løyve til etter søknad. Generelt vil gjeldande særlover fortsett gjelde der ikkje vernet legg ytterlegare avgrensingar på verksemda.

### § 1 Avgrensing

Forskrifta viser kva eigedommar som vert omfatta av framlegget. Det kan vere uklårheiter knytt til eigedomsforholda pga. tvistar, uavklårte rettar til sameigestrekningar, manglande kartmateriale m.v.

Eigedoms- og rettighetsforholda vert ikkje påverka av eit evt. landskapsvernomsråde.

### § 2 Formål

Formålsparagrafen viser kva ein ønskjer å ta vare på ved etablering av Geiranger-Herdalen landskapsvernomsråde. Generelt ønskjer ein å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap, viktige kulturlandskap og spesielle geologiske førekomstar og landskapsformer. Dette skal vernast mot inngrep som kan endre landskapet sin art eller karakter.

### § 3 Verneføresegner

Verneføresegnene viser forbod, unntak og heimlar for å gje løyve til ulike tiltak.

#### 1.1 Inngrep i landskapet

Dette punktet viser typiske eksempel på ulovlege tiltak/inngrep. Utgangspunktet for denne bestemminga er at alle inngrep som kan gje varige spor eller som er av permanent karakter, og som vesentleg kan endre landskapet sin art eller karakter, ikkje er tillate. I bestemminga er det nemnt ei rekke eksempel på ulike typar inngrep som i utgangspunktet er forbode. Denne opplistinga er ikkje uttømmende. Dette betyr at bestemminga også omfattar inngrep som kan medføre vesentleg endring av landskapet som ikkje er nemnt konkret i opplistinga.

Om eit planlagt inngrep vil føre til ei vesentleg endring av området vil vere avhengig av i kva grad inngrepet vil skilje seg ut frå eller gli inn i omgjevnadane. Eit inngrep vil lettare bli oppfatta som vesentleg i naturprega område enn om det vert gjort i område som er prega av tidlegare påverknad. Fylkesmannen avgjer i tvilstilfelle kva som er vesentlege inngrep.

#### 1.2 Tiltak som forskriftene ikkje er til hinder for:

Dette omhandlar aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast etter dagens særlovgjeving og regelverk i tilknytning til denne, dvs. at forslaget til landskapsvern ikkje medfører nye restriksjonar utover dagens praksis.

Det finst likevel ei rekkje eksempel på at fullt lovlege tiltak, gjennomført over ei rekkje år, samla inneber uheldige endringar av landskapet. Gjennom å knyte føresegnene til ein forvaltningsplan vil ein byggje inn noko fleksibilitet i vernereglene. Det kan f.eks. være behov for justering eller tilpassing til nye driftsmetodar når ein forvaltningsplan skal reviderast.

#### *Vedlikehald av bygningar og innretningar*

Vanleg vedlikehaldsarbeid som ikkje er meldepliktig etter plan- og bygningslova, kan utførast utan å søkje forvaltningsstyresmaktane. Utgangspunktet for vedlikehald av seterbebyggelsen må vere at den opphavlege bebyggelsen eller bygningen vert teke vare på.

Nokre tidlegare seterbygningar er no omdisponert til fritidsformål. Byggesøknader som knyter seg til opphavlege seterbygningar som er omdisponert til fritidshus, vil gjennomgå same behandling og vurdering som for tradisjonell seterbebyggelse.

#### *Vedlikehald av merka stiar*

Menneskeleg ferdsel kan gje uheldig forstyrning av villreinen. Kanalisering via merka turstiar er eit viktig styringsmiddel, og det kan være ønskeleg å legge om eller fjerne slike som kan gje uønska forstyrning av villreinen eller slitasje på vegetasjonen. I Geiranger-Herdalen landskapsvernomsråde er dette tidlegare vurdert for stien frå Kolbeinsvatnet til Viavatna (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1998).

#### *Drift og vedlikehald av jordbruksareal og setervollar*

Den vanlege landbruksdrifta kan halde fram som før. Det må forventast driftsmessige endringar i landbruket på sikt, og dette vil måtte samanhaldast mot dei verneverdiane ein ønskjer å sikre. Ein vil særleg måtte vurdere dei landskapsmessige verknadane av evt. nye tekniske inngrep i seterlandskapet som vegbygging, framføring av kraftliner og vesentleg endring av utforminga av bygningsmassen.

#### *Anlegg av sanketrøer og nødvendig gjerding*

Unntaket for nødvendig gjerding er tenkt for husdyr/beitedyr.

#### *Vedlikehald av eksisterande vegar*

Vedlikehald av eksisterande vegar må skje på ein slik måte at vegen ikkje endrar karakter. Det vil normalt vere tillate med nødvendig grusing og grøfting langs vegar. Større tiltak på eksisterande vegar må vurderast etter 1.3. Nærare retningslinjer for vedlikehald bør fastsetjast gjennom forvaltningsplanen.

#### 1.3 Tiltak som kan tillatast etter søknad:

Løyve til inngrep skal berre kunne gjevast etter ei grundig vurdering av konsekvensar på kort og lang sikt. Retningslinjer for dispensasjonspraksis skal trekkjast opp gjennom arbeidet med forvaltningsplan, jf. forskrifta §4.

#### *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar*

Det er i hovudsak fjordgardane, seterbygningane og gardstuna på Vesterås (i alternativ 1) som ligg innanfor landskapsvernomsrådet. Ved bygningsmessige endringar vil det oftast vere viktig å ta kulturhistoriske omsyn, og her bør ein støtte seg til vurderingane frå kulturvernstyresmaktene.

For Vesterås bør ein i tillegg ta eit særleg omsyn til at det skal kunne vidareutviklast reiselivsnæring på bruka, og dette vert teke opp i forvaltningsplanen.

#### *Gjenoppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade*

Løyve til oppføring av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade vil normalt bli gjeve. Det kan likevel setjast krav til

plassering/tilpassing til terreng, utforming av bygning osv.

#### *Oppføring av driftsbygningar for landbruksverksemd*

Løyve til oppføring av driftsbygningar på bruk i drift vil normalt bli gjeve. Det same gjeld aktive setrer. Utleiehytter og hytter for fritidsbruk i fjell og annan utmark vert ikkje rekna som driftsbygningar i landbruket, jf. Miljøverndepartementet 1993.

#### *Restaurering av kulturminne/kulturmiljø*

Det er tradisjon for vedlikehald, reparasjon og til dels oppføring av kopiar av gamle bygningar og anlegg i området. Det er særleg den ideelle organisasjonen Storfjordens Venner som står bak dette. Det er viktig at dette arbeidet fortsett i eit samspel mellom tiltakshavar, kulturvernstyresmaktene og forvaltningsstyresmakta for landskapsvernområdet. Dei faglege føringane frå kulturvernstyresmaktene bør vere rettesnora for forvaltninga, og ein må også støtte seg på fagrapporten og forvaltningsframlegga som kjem fram i "Storfjordprosjektet".

#### *Bygging av brygger*

Det har vist seg å vere behov for ein del mindre brygger for tilkomst til fjordgardane. Dette er viktig både for grunneigarane, friluftslivet og reiselivsnæringa. Vi foreslår ein heimel for å kunne gje løyve til å bygge slike der dette ikkje går utover verneverdi-ane. Ved oppføring av slike brygger er det viktig med enkle anlegg som ikkje markerer seg i landskapet. Det kan vere aktuelt med mindre flytebrygger som vert lagt ut om sommaren.

#### *Omlegging og opprusting av eksisterande vegar*

Omlegging og opprusting av eksisterande vegar kan skje etter løyve. Fylkesmannen tilrår at det vert opna for nødvendige rassikringstiltak og generelle standardhevingar som ikkje er negative for landskapet.

#### *Nydyrking og beitekultivering*

Beitekultivering/dyrking vil være mest aktuelt i tilknytning til eksisterande dyrkingsfelt og seterområde. Ved planar om nydyrking vil forvaltningsstyresmakta spesielt vurdere omfanget og storleiken på tiltaka, plassering i forhold til andre inngrep, den landskapsmessige tilpassinga og moglege konfliktrar i forhold til vegetasjon, dyreliv eller kulturminne. Her vil også nydyrkingsforskrifta gjelde.

#### *Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper*

Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper bør kunne få løyve der dette ikkje gjev sterk terrengslitasje eller forstyrar til tet. Det er viktig å vere merksam på rovfugllokalitetar og kalvingsområde for villrein.

#### *Uttak av sand og grus til eige bruk*

Det vil ofte vere behov for uttak av mindre mengder sand og grus til vegvedlikehald og mindre bygningsarbeid på gardsbruk. Der dette ikkje medfører spesielt negative konsekvensar, og alternativ tilgang på massar er urimelig vanskeleg, kan det vurderast å gje løyve til dette. Forvaltningsplanen bør koordinere dette slik at ein ikkje driv på mange nærliggande lokalitetar.

#### *Prøveboring og etablering av naudsynte luftesjakter til mineralutvinning*

Dette er tenkt for framtidig drift på olivinførekostane under

landskapsvernområdet. Industrimineraler AS har presentert planar for vidare underjordisk drift der det kan bli aktuelt med vertikale sjakter inne i verneområdet for prøveboring, lufting og enkel material- og utstyrtransport. Desse opningane må sikrast med enkle skur/bygningar. Vidare er det aktuelt med horisontale tunnelar for evakuering m.v. Dei fleste av desse opningane bør kunne leggjast utanfor landskapsvernområdet, og bør uansett ikkje kunne bli særleg synlege i landskapet. Ut frå den store samfunnsmessige nytten av olivindriften har vi funne grunnlag for å innføre heimel for å gje løyve til desse tiltaka.

## **2. Plantelivet**

### **Plantelivet**

Forbodet mot innføring av nye planteartar gjeld særleg treslag-skifte i skogen. Forbodet må ikkje forståast som forbod mot nye kulturplanter i jordbruket eller nye pryd- og hagevekstar. Ein bør generelt vurdere dei økologiske verknadane av å føre inn nytt plantemateriale.

### **Beiting**

Bruk av eit område til beite er normalt ikkje noko problem. Ei rekkje stader vil også beite vere nødvendig for å oppretthalde verdiar i kulturlandskapet.

### **Skogsdrift**

Dette punktet regulerer hogst av trevyrke. Skogsdriften i området er moderat, og det er særleg aktuelt med vedhogst. Terrengformasjonane gjer større flatehogstar mindre aktuelle. Det er særleg viktig å unngå uthogging av edellauvskogbestand, men omsynsfull uttynning vert tilrådd.

Det bør snarleg utarbeidast ein plan for forvaltning av skogen. Grunneigar, landbruksetat i kommune, skogeigarforeining eller andre kan fremje framlegg til slik plan. For dei områda der oppretthalding av eksisterande skogbilette er ein del av verneformålet, skal lukka hogstformer nyttast. Det skal ikkje etablerast skog som "uniformerer" landskapet. Skogsdriften skal legge til rette for bevaring av skogen sitt biologiske mangfald, eit variert og fleirsjiktet skogbilette - og eit stabilt landskapsbilette. Nødvendig motorferdsel skal avklarast i planen.

Elles gjeld bestemmingane om vernskog i kommunane. Dette betyr at hogst utover husbehov i vernskogsona skal meldast til kommunen v/skogbrukssjefen.

## **3. Dyrelivet**

Jakt og fiske kan skje i tråd med bestemmingar i viltlova, lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk og saltvassfiskeleva. Opprettinga av eventuelt landskapsvernområde vil ikkje medføre avgrensingar utover det som følgjer av nemnde særlover.

## **4. Ferdsl**

Fri ferdsl i utmark skal være retningsgjevande i landskapsvernområde. Restriksjonar på organisert ferdsl er tatt inn for å sikre ein dialog mellom brukarar og forvaltning og gi forvaltningsstyresmakta muligheit for å styre ferdsla og redusere konflikttane i forhold til dyrelivet og sårbar natur. Utviklinga viser at både norske og utanlandske turoperatørar i stadig større grad utviklar nye tilbod som over tid kan bli ein trussel mot verneverdi-ane. Kontroll med større arrangement og

organiserte turar vil difor verke førebyggjande mot slitasje/skade og sikre ålmenta framleis rett til fri ferdsel også i framtida. Unødvendig regulering og kontroll skal unngåast. Faste arrangement bør f. eks kunne få fleirårige løyve viss det ikkje oppstår konflikter i forhold til naturmiljøet. Grensene for kva som skal regnast som større arrangement må avgjerast konkret for kvart område. Gjennom arbeidet med forvaltningsplan må ein m.a. vurdere kor sårbart området er, mogelegheitene for kanalisering av ferdsel, behov for tilrettelegging osv. Tradisjonell turverksemd i regi av turistforeininga, skolar, barnehagar, lokale lag og foreiningar er tillate, og treng ikkje søkje om løyve.

#### *Mogelege ferdselsreguleringar*

Denne bestemminga vil unntaksviss berre vere aktuell for mindre og avgrensa område der ferdsel utgjer ein direkte trussel mot verneverdiane. Eksempel på problematisk ferdsel kan være aktivitet i og ved kalvingsplassane til villreinen og ferdsel i nærleiken av hekkelplassar for truga eller sårbare fuglearter i visse delar av året.

### **5. Motorferdsel**

#### *Generelt forbod*

Hovudbestemminga i landskapsvernområdet er at motorisert ferdsel på vatn og til lands og landing med luftfartøy er forbode. Det er foreslått mange unntak frå dette forbodet. Lov om motorferdsel gjeld i tillegg til desse bestemmingane, men gjev ikkje løyve ut over det vernereglane fastset. Det kan være tilfelle der det også må innhentast løyve etter lov om motorferdsel. Verneforskriftene endrar ikkje grunneigar sin rett til å nekte/regulere motorferdsel på eigen grunn.

#### *Direkte unntak*

Det er vidare eit generelt unntak frå forbodet i landskapsvernområdet for motorferdsel i samband med militær operativ verksemd, politi-, rednings-, brannvern-, oppsyns- og forvaltningsoppgåver. Det er grunn til å presisere at Forsvaret si ordinære øvingsverksemd ikkje er å sjå på som "militær operativ verksemd". Eksempel på militær operativ verksemd er beredskapstiltak og militære operasjonar i spesielle situasjonar, inkludert søke- og redningstjeneste.

Generelt vil køyring etter etablert vegnett og køyring i samband med landbruks- og seterdrift med traktor og eventuell annan jordbruksreiskap være tillate. Dette gjeld også motorferdsel for å sette opp eller vedlikehalde gjerde rundt setervollar, køyring i samband med tillaten hogst m.v. Inntil forvaltningsplanen er klar, skal ein leggje til grunn at verneforskriftene ikkje skal hindre køyring på RV 63, Dalsnibbevegen og vegane til Herdalen, Gråsteindalen og Vesterås.

Bruk av motorbåt på innsjøar er etter dette tillate for fiske på Djupvatnet ved Grotli.

Køyresporet til Kolbeinsvatnet kan etter dette framleis brukast av Tafjord Kraft i drifta av kraftanlegga der.

#### *Motorferdsel etter søknad*

Det vil etter søknad kunne gjevast løyve til ulike typar motorferdsel. Generelt vil det kunne gjevast løyve til næringskøyring med

snøscooter, t.d. utkøyring av saltstein og materialtransport m.v. til setrar og hytter. For brukarar med særlege behov for regelmessig transport vil det kunne gjevast fleirårige løyve.

### **§ 4 Forvaltningsplan**

Dersom vern etter naturvernlova blir etablert, skal det utarbeidast ein forvaltningsplan for landskapsvernområdet i samarbeid med kommunane og andre partar. Ein forvaltningsplan vil ta opp forhold som skjøtselstiltak, oppsyns- og informasjonsverksemd, sjå elles kap. 7.2.

Forvaltningsplanar skal vise korleis forskriftene skal praktiserast og vere eit hjelpemiddel for forvaltningsstyresmakta i den daglege forvaltninga av verneområdet. Målsettinga er å kunne styre aktivitetar/verksemd innafor landskapsvernområdet slik at det ikkje oppstår unødvendige konflikter mellom ulike brukarinteressar. Dei retningslinene som vert trekte opp i ein forvaltningsplan må liggje innafor ramma av forskriftene.

For betre å kunne sikre verneverdiane og styre brukarinteressene kan det være teneleg å dele inn eit verneområde i forvaltningssoner. I slike soner kan det f.eks. i forvaltningsplanen tilrå forskjellig dispensasjonspraksis. Det er i førearbeidet til vernet laga framlegg til ei sonering av landskapsvernområdet der dei areala som er aktuelle for drift og utbetring av vegar, landbruk og anna næringsutvikling er plassert i ei sone B med noko mindre restriktive verneforskrifter og forvaltningspraksis. Vesterås er aktuell i sone B. Dei største areala i området elles er plassert i sone A som er den mest restriktive.

Forvaltningsplanar skal rullerast med jamne mellomrom, og/eller etter behov. Ein plan skal alltid rullerast minst kvart 10. år.

### **§ 5 Generelle dispensasjonsføresegner**

Dette omhandlar tiltak utover det som går fram av vernebestemmingane, og som det må søkast om løyve til frå forvaltningsstyresmakta. Vilkåret for å få dispensasjon er at verksemda kan skje utan at det strir mot formålet med vernet og at særlege grunnar talar for at tiltaket bør gjennomførast.

Unntak "når føremålet med fredinga krev det" kan f. eks. vere avskyting/fangst av ein dyreart som overstig bereevna til eit område.

Unntak for "vitskapelege undersøkingar" er mest aktuelt i samband med forskingsaktivitetar.

Arbeid av "vesentleg samfunnsmessig verdi" er berre tiltak av nasjonal verdi. Døme på dette kan vere rassikring av vegar og busetnad.

Unntaket for "andre særlege tilfelle" gjeld små inngrep eller tiltak som er av stor verdi for søkaren - og som ikkje kjem i konflikt med verneføremålet. Her kan ein vurdere ulike tiltak for næringsutvikling i sone B som t.d. innan reiseliv. Ein bør kunne opne for landskapstilpassa tiltak der dette ikkje reduserer verneverdiane. Tyngre tilrettelegging som t.d. skiheisar, gondolbanar og vegar bør visast til areal utanfor landskapsvernområdet.

## **§ 6 Forvaltningsstyresmakt**

Forvaltningsstyresmakt for eit verneområde inneber ansvar for å sikre ei utvikling i tråd med verneformålet. Ansvarleg forvaltningsstyresmakt vil m.a. ha myndigheit/kompetanse og ansvar for å behandle søknader om dispensasjonar, utarbeide forvaltningsplanar, organisere oppsyn, samarbeide med andre styresmakter, lag og organisasjonar og holde kontakt med evt. rådgjevande utval. Forvaltningsstyresmakt har også eit budsjettansvar. Direktoratet for naturforvaltning er delegert myndigheit til å fastsetje kven som skal vere forvaltningsmyndigheit for eit verneområde. For landskapsvernområde kan alle kommunar søkje om å få delegert forvaltningsmyndigheit.

## **§ 7 Rådgjevande utval**

Eit rådgjevande utval bør som hovudregel oppnemnast for heile verneområdet. Samansetnaden av slike råd må vurderast bl.a. ut frå brukarinteressene og forvaltningsmessige utfordringar. Utvalet skal hjelpe forvaltningsstyresmakta med råd og fråsegner i aktuelle forvaltningsspørsmål.

## 7. FORVALTNING OG OPPSYN

### 7.1 Generelt om forvaltning

Ansvar for forvaltninga av verneforskriftene blir lagt til forvaltningsstyresmakta. Den rettslege kompetansen til forvaltningsstyresmakta blir fastlagt gjennom vernevedtaket/verneforskriftene.

Forvaltningsstyresmakta vil i første rekkje ha myndigheit til å dispensere frå ulike forbod i verneforskriftene og utarbeide forslag til retningslinjer for forvaltning, skjøtsel m.v. gjennom forvaltningsplanar. Andre arbeidsoppgåver vil vere knytt til administrasjon, budsjett, generell rettleiing, informasjon, oppfølging av brot på verneforskrifter, kontakt med grunneigarar og brukarar av landskapsvernområdet. Hovudutfordringa ved val av forvaltningsmodell er å finne løysningar som både kan kome i møte lokale ønskje om medverknad i forvaltninga og som samtidig sikrar ei utvikling som tek vare på formålet med opprettinga av verneområdet i tråd med gjeldande forvaltning.

Direktoratet for naturforvaltning er i dag delegert myndigheit til å fastsette kven som skal forvalte verneområde etter naturvernlova. Fylkesmannen har tradisjonelt vore tillagt forvaltningsmyndigheita for verneområde i Noreg. I brev av 26.10.1998 til alle kommunar med verneområde opnar Direktoratet for naturforvaltning for at kommunane kan overta forvaltningsmyndigheita for verneområda, og fleire kommunar har fått delegert denne. Det vert for tida gjennomført 4 forsøk med ulike modellar for forvaltning av store nasjonalparker og landskapsvernområde som går over kommune- og fylkesgrenser.

Det er for tidleg å vurdere om det er aktuelt med kommunal eller anna lokal forvaltning av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Dette vil vere avhengig av evt. kommunal interesse, økonomiske og faglege rammevilkår m.v. Spørsmålet bør vurderast i høyringa.

Det har vore vanleg å opprette eit rådgjevande kontaktutval for forvaltninga av store verneområde. Dette sikrar kommunikasjon mot forvaltningsstyresmakta og harmonisering av forvaltninga der fleire kommunar eller fylkesmenn har forvaltninga. Samansetnaden av eit slikt kontaktutval bør vise det breie geografiske og faglege interessefeltet i området. På denne bakgrunnen vil fylkesmannen foreslå at det vert oppretta eit rådgjevande kontaktutval for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde så raskt som mogeleg etter eit vernevedtak.

Den rådgjevande samarbeidsgruppa tilrår lokal forvaltning, og føreset at kommunane får ressursar som set dei i stand til å gjennomføre dette.

### 7.2 Forvaltningsplan

I den praktiske og daglige forvaltninga av verneområda vil det vere behov for ei presisering av verneforskriftene, dvs. ein plan som inneheld meir detaljerte og konkrete "køyrereglar". Ein slik plan vert kalla ein forvaltningsplan. Særleg for verneområde med mange og sterke brukarinteresser er det behov for å utarbeide slike forvaltningsplanar. Ein forvaltningsplan har til føremål å vere eit hjelpemiddel til å utdjupe og realisere formålet med vernet. Planen skal på bakgrunn av verneformålet gje retningslinjer for forvaltninga av verneområdet, blant anna med omsyn til forholdet mellom vern og bruk. Planen vil vidare gje retningslinjer for forvaltningsstyresmakta når det gjeld dispensasjonspraksis. Den kan derimot ikkje opne for tiltak utover rammene som verneformålet og verneforskrifta set.

Forvaltningsplanen set mål for oppsynsverksemda og informasjonstiltak, og viser evt. skjøtselstiltak som bør gjennomførast i området. Planen skal vise grunnlaget for soneinndeling av landskapsvernområdet.

Forvaltningsplanen vil seinare bli sendt på høyring etter kvart som planar for oppsyn, skjøtsel m.v. blir utarbeida, og denne bør rulle- rast t.d. kvart 10 år. Planen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning før han trer i kraft, jf. vernereglane.

### 7.3 Naturoppsyn og informasjon

#### Merking og skilting

Snarast mogeleg etter vernevedtak skal forvaltningsstyresmakta gå grensegang og merke området. Alle knekkpunkt på grensa som ikkje er trigonometriske punkt, vil bli merka med standard grensemerke (aluminiumsbolt med kule). Området vert også skilta med standard skilt der grensa kryssar vegar, stiar m.v. (DN-handbok 14-2001).

#### Informasjon

Det bør setjast opp informasjonstavler på strategiske og trafikksikre plassar der publikum kan bli gjort kjent med området og verneverdiane der. Slike tavler kunne t.d. plasserast ved:

- Ljøen (tilpassa ny tunnel)
- Djupvasshytta
- Dalsnibba
- Flydalsjuvet
- Geiranger sentrum
- Norsk Fjordsenter
- Rasteplass på Korsmyra
- Herdalsetra
- Bommen på Herdalsvegen
- Evt. i Eidsdal og Linge ferjekai

Ein bør nytte Norsk Fjordsenter til å informere om landskapsvernområdet.



## Naturopsyn

Statens naturopsyn (SNO) har eit særleg ansvar for nasjonale verneverdiar og oppsynsoppgåver av statleg karakter, og SNO har i utgangspunktet det overordna ansvar for statleg naturopsyn i alle verneområde. Det statlege naturopsynet skal i første rekke ha slike oppgåver som er omtala i Lov av 21. juni 1996 om statleg naturopsyn; - førebygging av miljøkriminalitet, kontroll, rettleiing og informasjon, og å drive med praktiske oppgåver som skjøtsel, registreringar, dokumentasjon m.v.

Ved etablering av større verneområde er det naturleg at SNO etablerer nye stillingar for å ivareta dei statlege oppsynsoppgåvene. I tillegg vil det ofte vere aktuelt at SNO samarbeider med eventuelle lokale oppsynsordningar, og eventuelt kjøper tenester frå desse som eit supplement til eigen oppsynsaktivitet.

Behovet for statleg naturopsyn i dette nye verneområdet er primært knytt til vanlege kontrolloppgåver, skjøtsel og informasjon, og vurderast å omfatte vel eitt årsverk. Ein føreslår at det vert oppretta ei ny SNO-stilling i tilknytning til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, samt at det vert avsett noko midlar til tenestekjøp frå lokale oppsynsordningar. Det er vidare naturleg at behovet for statleg naturopsyn i området også blir vurdert i samanheng med opprettinga av Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande verneområde. I siste omgang vil det truleg vere naturleg å vurdere det totale behovet for oppsyn under eitt for desse to områda. Ei ny SNO-stilling i dette området vil evt også kunne bli eit nyttig supplement for SNO på rovviltsida, og i forhold til dei andre mindre verneområda i distriktet.

## 7.4 Ressursbruk

Ressursbruken i planlegginga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde kan reknast til ca. 1 årsverk pr. år i perioden 2001-2003, der 0,7 årsverk er arbeidsinnsatsen frå miljøvernstyremaktene og 0,3 årsverk er lokalt arbeid i referansegrupper m.v. Det er kjøpt eksterne fag- og konsekvensutgreiingar for ca. kr. 430.000,-. Då er ikkje kostnadane ved Norges Bondelag si utgreiing rekna inn.

Ressursbruken i forvaltninga av landskapsvernområdet er vanskeleg å fastsetje. Forsiktig vurdert bør ein kunne rekne ca. 0,5 årsverk i forvaltning og saksbehandling. Ein kan forvente at det trengst kr. 150.000,- pr. år til utstyr, transport m.v. Kostnadane til forvaltning (eks naturopsyn) vil etter dette ligge kring kr. 500.000,- pr år. Kostnadene til naturopsyn i regi av SNO vil i tillegg vere kr. 7-800.000,- og dei totale kostnadane vil etter dette ligge kring 1,2 – 1,3 mill. kr. samla pr. år for 1,5 årsverk i innsats, jf. konsekvensutgreiingsprogrammet.



## 8. KONSEKVENSGREIING OG LANDBRUKSRAPPORT

Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing av verknadane av vernet på ulike samfunnsinteresser. Utgreiinga er delt opp i følgjande 4 delutgreiingar:

- Naturmiljø, kulturminne/kulturmiljø og friluftsliv  
- Utarbeidd av fylkesmannen og fylkeskommunen
- Motorferdsel i utmark, drift og vedlikehald m.v. av vegar, bergverksindustri i Raudbergvika og havbruk  
- Utarbeidd av Miljøfaglig utredning
- Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling  
- Utarbeidd av Østlandsforskning
- Landbruk - Utarbeidd av Norges Bondelag

Det er brukt noko ulik metodikk i delutgreiingane, og dette gjer det vanskeleg med direkte samanlikning og samanstilling av resultatane. Dei ymse temaa er også forskjellige oppdelt, og omfanget er varierende. Vi må difor vise til dei einskilde rapportane for detaljar (Vorkinn & Hagen 2003, Wentzel 2003). Hovudresultata kan summerast opp slik:

### 8.1 Naturmiljø

Utgreiinga frå fylkesmannen påviser store verneverdiar innan dei fleste fagfelt av naturmiljø i området. Det er eit spesielt landskap med verna og verdfulle vassdrag, og det er påvist eit rikt biologisk mangfald med viktige enkeltlokalitetar og enkeltartar.

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon, medan vernealternativet vil gje middels til stor positiv konsekvens ut frå metodikken som er brukt.

### 8.2 Kulturminne og kulturmiljø

Møre og Romsdal fylkeskommune påviser at kulturlandskapet i området er særleg verdfullt. Situasjonen er meir variabel for fornminne og andre kulturminne, men totalt vert verdien vurdert til å ligge mellom middels til stor.

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon, medan vernealternativet vil gje ein litt positiv konsekvens ut frå metodikken som er brukt. Verknaden er avhengig av kva verkemiddelinnsetning som vert sett inn.

### 8.3 Landbruk

Denne utgreiinga er gjennomført i regi av Norges Bondelag med prosjektmedarbeidar hos Møre og Romsdal Bondelag. Utgreiinga vurderer alternativa ikkje-vern (0-alt.) og landskapsvernområde.

For 0-alt. ser dei ein svak negativ effekt på gjengroing av kulturlandskapet, naturlandskapet, husdyrhaldet generelt, jordvern, beitebruk, busetting og folketal, og tilførsel av offentlege og private ressursar. Ikkje-vern kan vere positivt for bygging av buer i verneområdet, landbruksbasert næringsutvikling og småskala reiselivsbedrifter. Dei påviser ikkje effekt for skogbruk, nye byg-

ningar på gardane, masseturisme i reiselivsnæringa, naturbasert turisme eller anna næringsliv.

Innføring av landskapsvernområde vil gje ein svak positiv effekt på gjengroing av kulturlandskapet, naturlandskapet, beitebruk, nye bygningar på gardane, busetting og folketal, masseturisme i reiselivsnæringa, naturbasert turisme, anna næringsliv og tilførsel av offentlege og private ressursar. Dei ser for seg ein stor positiv effekt på landbruksbasert næringsutvikling og småskala reiselivsbedrifter. Det er ein svak negativ effekt på skogbruk og buer i verneområdet, medan det ikkje er effekt på husdyrhald og jordvern.

Det er lagt til grunn positive prioriteringar lokalt og nye sentrale politiske føringar, samt at det vert verdsarvstatus for området.

### 8.4 Friluftsliv

Utgreiinga frå fylkesmannen påviser middels til store verdiar for friluftslivet. Sommarfriluftslivet dominerer og haustingsaktivitetar er utbreidd i området. Mykje av friluftslivet skjer av tilreisande turistar, og gjeld kortare turar og opphald i naturen.

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon, medan vernealternativet vil gje ein litt positiv konsekvens ut frå metodikken som er brukt.

### 8.5 Reiseliv og miljøbasert næringsutvikling

Østlandsforskning har brukt ein litt annan metodikk enn dei førre utgreiarane. Rapporten gjev ei grundig samanstilling av trendar i reiselivet og effektar av verdsarv og innføring av verneområde.

Null-alternativet utan vern kan gje grunnlag for utvikling av meir miljøbasert næringsutvikling. Vernealternativet kan hindre fysisk tilrettelegging for reiseliv, og forskyve aktivitetar utanom landskapsvernområdet. Dei svarar ikkje på om dette medfører ei forskyving utanom kommunen. Det ligg til rette for utvikling av småskala gardsturisme, men vernet gjev lite rom for storstilte utbygging til ein "destinasjon".

Verdsarvstatus vil kunne verke positivt. Østlandsforskning tilrår at eit stort nok areal rundt Geiranger sentrum vert sett av for reiselivsutvikling, og at forvaltningspraksisen vert så liberal at det vert små konsekvensar for reiselivet.

### 8.6 Motorferdsel i utmark

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning påviser at det er lite motorferdsel i utmarka i området, og verdien av denne vert sett til liten til middels.

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon, medan vernealternativet vil gje middels til liten negativ konsekvens ut frå metodikken som er brukt.

## 8.7 Vegar

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning påviser ikkje nye vegutbyggingssjanser i området i kommande periode av Nasjonal Transportplan, men det er behov for rassikringstiltak. Verdien for temaet vert sett til middels til stor.

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon, medan vernealternativet vil gje middels til liten negativ konsekvens ut frå metodikken som er brukt.

## 8.8 Bergverksdrift i Raudbergvika

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning har ikkje vurdert tema bergverk generelt, men sett på Industrimineraler AS sitt anlegg spesielt. Verdien av anlegget vert sett til stor.

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon, men ei utviding av anlegget inn i foreslått landskapsvernområde vil ikkje kunne sameinast med vernealternativet verken når det gjeld føremål med vernet eller vernereglane sine bestemningar om tekniske inngrep. Vernealternativet vil gje svært stor til stor negativ konsekvens ut frå metodikken som er brukt.

Det vert gjort framlegg om å flytte grensa utanom mogelege nye driftsområde, og dei ser ikkje grunnlag for forskriftsendringar.

## 8.9 Havbruk

Utgreiinga frå Miljøfaglig Utredning ser potensialet for havbruk i Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden som lite. Verdien for temaet vert sett til liten til middels. Dei vurderer vernet til å hindre all etablering av akvakulturanlegg i området, men peiker på andre hindringar.

Null-alternativet utan vern tilsvarar dagens situasjon, medan vernealternativet vil gje ein middels negativ konsekvens ut frå metodikken som er brukt.

Det vert gjort framlegg om å ta ut Sunnlyvsfjorden sør til Ytre Åkerneset frå landskapsvernområdet for å gje rom for havbruksanlegg, eller så bør vernereglane opne for etablering av anlegg.

## 8.10 Nærare undersøkingar

Ingen av utgreiingane peikar på behov for nye undersøkingar, men for temaet naturmiljø vert det tilrådd at ein legg opp til ei framtidig overvaking av evt. gjengroing av kulturlandskapet.

## 8.11 Sammenstilling av konsekvensane

Ei kort oppsummering av dei ulike utgreiingane viser følgjande:

<u>Tema:</u>	<u>Verknad:</u>	<u>Merknader:</u>
Naturmiljø	Middels/stor positiv betydning	
Kulturminne/-miljø	Litt positiv betydning	Treng ressursar til drift
Friluftsliv	Litt positiv betydning	
Motorferdsel i utmark	Middels/litt negativ betydning	Liten aktivitet
Drift av vegar, rassikring m.v.	Middels/litt negativ betydning	
Bergverksdrift i Raudbergvika	Svært stor/stor negativ betydning	Verknaden gjeld eitt anlegg, ikkje generelt
Havbruk	Middels negativ betydning	Gjeld drift i nye område
Reiseliv	Liten verknad for aktivitet og småskala gardsturisme, negativt for anlegg og tilretteleggingstiltak	Usikkerheit om utviklinga, verdsarv kan bli positivt
Landbruk	Positiv for dei fleste deltema, men kan verke negativt for tiltak som hytter, småkraftverk, nye driftsvegar og treslagsskifte.	Ei positiv utvikling krev lokal medverknad i forvaltning, tilførsel av ressursar til forvaltning og næringsutvikling, opning for ny næringsutvikling

Totalt sett viser dette at konsekvensane for verneverdiane er positive for verneverdiane og på visse vilkår for landbruket og småskala reiseliv. Konsekvensane er negative for nye tekniske anlegg innan industri, havbruk og reiseliv. Dei største negative konsekvensane er for utviding av olivindrifta i Raudbergvika. Kommuneplanane legg i stor grad opp til at landareala er landbruks-, natur- og friluftsområde, medan sjøområda ikkje er

planlagde eller er i allbrukskategorien NFFFA. Fylkesdelplanen for inngrepsfrie naturområde prioriterer dette området som inngrepsfritt. Nasjonale planar gjennom St.meld. nr. 62 (1991-92) om nye nasjonalparkar og større verneområde framhevar Geiranger-Herdalen som aktuelt som framtidig landskapsvernområde. Alle desse planane legg opp til at areala i området skal sikrast utan større nye tekniske inngrep.

## 9. FYLKESMANNEN SI TILRÅDING

Fylkesmannen vurderer generelt konflikgraden ved å etablere Geiranger-Herdalen landskapsvernområde som liten. Dette skuldast både at brukarinteressene i området er forholdsvis små, og at det er vald landskapsvernområde som er den mildaste verneforma etter naturvernlova. Konsekvensutgreiinga viser at dei største konflikta er knytt til mogeleg framtidig utviding av bergverksdrifta i Raudbergvika, evt. hyttebygging i fjellet og større reiselivsanlegg.

Fylkesmannen foreslår etter dette eit landskapsvernområde på 498 km<sup>2</sup> med 2 alternative avgrensingar ved Vesterås i Geiranger. Dette er ein reduksjon på i underkant av 30 km<sup>2</sup> i høve til arealet i oppstartsmeldinga frå 2001. Vi viser til vurderingane som er gjort i kapittel 5.2 om verneverdiane og prinsippa for avgrensing.

Vi har funne grunnlag for å ta ut areala med busetnad i Geirangerbygda. Her har Stranda kommune starta arbeidet med ein kommunedelplan som skal sikre verneverdiane i landskapet, kulturminna og det biologiske mangfaldet i denne delen av kulturlandskapet. I tillegg vil planen legge til rette for ei vidare skånsam utbygging av nye bustader og næringsliv i Geiranger.

Vesterås skiljer seg ut som eit svært spesielt element i landskapet. Gardane er plassert oppe på eit platå over resten av nedre del av bygda, og står fram som eit svært verdfullt kulturlandskap. Det er knytt store verneverdiar til botanikken i dei tørre bakkane på Vesterås, og ei viktig utfordring blir å halde oppe slått og beite slik at ein tek vare på artar som krev open mark. Det har også kome fram ønskje om å kunne føre opp nye utleigehytter og utvikle turismen på staden. Dette krev at ein tek omsyn til rasfare og andre avgrensingar som naturen set på staden, men etter fylkesmannen si meining bør reiselivet på Vesterås kunne utviklast vidare. Vi foreslår at framtidig forvaltning opnar for landskapstilpassa nyanlegg dersom andre omsyn kan stettast. Området bør plasserast i sone B i forvaltningsplanen.

Vi vil frårå at det vert etablert nye, tradisjonelle akvakulturanlegg i landskapsvernområdet. Merdanlegg for fiskeoppdrett og skjellanlegg med vanlege blåser på overflata vil evt. utgjere eit så markert landskapselement i fjorden at det ikkje kan sameinast med vernet, jf. konsekvensutgreiinga (Melby 2003). Vi vil tilrå at nye anlegg vert plassert utanfor landskapsvernområdet. Der grensa

for området går langs strandsona i Norddalsfjorden og Tafjorden, skal ikkje dette hindre landfeste for fortøyingar av merdanlegg i fjorden.

Fylkesmannen tilrå at Industrimineraler AS kan drive olivintvining i grunnen under landskapsvernområdet. Vi tilrå vidare at det vert gjeve aksept for at ein kan etablere mindre luftesjakter og tunnelutløp ut i området av tryggleikssyn. Desse opningane må kunne sikrast ved overbygging. Dette vil ikkje medføre særlege ulemper for verneverdiane sett i høve til dei store samfunnsverdiene som er knytte til olivindrifta. Verneforskrifta er tilpassa dette. Vi må derimot gå sterkt i mot at det kan startast nokon form for dagbrot oppe ved Skrednakken, eller etablerast driftsveggar i dagen oppe på plataet. Slike inngrep vil visast markert i landskapet, og ein kan risikere tap av leveområde for raudlista planteartar.

Vi går inn for at landskapsvernområdet ikkje skal hindre utvikling av lokale reiselivsprosjekt i Eidsdal som skitrekk på Eidsheia og sti/lettare veg til Blåhornet. Desse prosjekta har vorte framheva som svært viktige frå lokalt hald, og samarbeidsgruppa har støtta dette synet. Fylkesmannen vil presisere at denne prinsipielle aksepten gjeld berre denne type anlegg, og vi vil kunne ha eit anna syn på andre tiltak. Vidare føreset vi at utforming og sikring av landskap og andre verneverdiar vert ivareteke i prosessen etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen tilrå ei sonering av landskapsvernområdet i forvaltningsplanen, der areala med tekniske inngrep og store interesser innan næringsutvikling, vert plassert i ei sone B. Forvaltningspraksisen for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde bør også tilpassast dette.

Det er viktig at det vert utarbeidd forvaltningsplan for området snarast mogeleg etter eit vernevedtak, og dette bør også tilpassast dei krava som vert sett til søknaden om å få inn området på Verdsarvslista.

Fylkesmannen vil tilrå at ein vurderer lokal forvaltning av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, og at dette vert utgreidd i det vidare arbeidet. Det bør setjast av ressursar både til forvaltning, naturoppsyn og konkrete tiltak innan skjøtsel av dei store kulturlandskapsverdiene i området.

## 10. LITTERATURLISTE OG PERSONLEGE OPPLYSNINGAR

(felles med KU, sjå bak i vedlegg)





*Villrein. Foto: Gunnar Wangen*

*Mnemosynesommarfugl. Foto: Dag Holtan*







*Stivsildre. Foto: Dag Holtan*



*Värmarihand. Foto: Dag Holtan*

*Kvitryggspett. Foto: Øivind Leren*



*Frå Kallskaret naturreservat . Foto: Helge Standal*







*Herdalen. Foto: Gunnar Wangen*

*Sauer på beite ved Ørnevegen, Geiranger. Foto: Øivind Leren*



*Kvanndalsetra, Geiranger. Foto: Øivind Leren*








*Meåkneset i Sunnlyvsfjorden (biletet er teke før siste restaureringa). Foto: Øivind Leren*

*Knivsflå i Geirangerfjorden. Foto: Helge Standal*







*Torvløysa 1851 m.o.h. er høgste punktet i landskapsvernområdet. Foto: Gunnar Wangen*

*Kilstivatnet og Verpesdalen. Blåhornet nede i midten av bildet. Foto: Helge Standal*







*Turvandring i Dyrdalen, Norddalen. Foto: Helge Standal*

*Oaldsbygda i Stranda er fråflytta. Foto: Helge Standal*







*Vesterås ligg fritt ovanfor Geiranger. Foto: Fylkesmannen i M & R*

*Tunet på Vesterås. Foto: Fylkesmannen i M & R*





*Møllstunet med verdfulle bygningar vert tilrådd forvalta i kommunedelplanen for Geiranger.  
Foto: Fylkesmannen i M & R*

*Indreeidsdalen i Eidsdal er ein frodig beitedal. Foto: Fylkesmannen i M & R*



# **GEIRANGER – HERDALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

## **KONSEKVENSGREIING**

- Naturmiljø
- Kulturmiljø og kulturminne
- Friluftsliv



# FORORD

På oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning har Fylkesmannen i Møre og Romsdal utført tematiske konsekvensutgreiingar i samband med det planlagde vernet av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde. Følgjande tema er utgreidd:

- Naturmiljø
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv

Tema kulturminne og kulturmiljø er eit samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga. Kontaktperson der har vore plankoordinator Siv Aksdal. Fylkesgeolog Einar Anda har skrive kapitlet om geologi. Hovudansvarleg for utgreiinga har vore førstekonsulent Ola Betten. Fylkesagronom Anders Hovde og naturforvaltarkandidatane Morten Melby og Geir Gaarder har gjeve konstruktive innspel til rapporten. Metodikken er tilpassa andre delutgreiingar, og vi har lagt vekt på at alle delutgreiingane lett kan samanstillast og presenterast for alle involverte og dei som skal gjere tilrådingar og vedtak om vern.

Molde, mai 2003



Per Fredrik Brun (e.f.)  
fylkesmiljøvernsjef



Harald Nymo  
fung. landbruksdirektør

# SAMANDRAG

## Verneplanen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fått i oppdrag av Direktoratet for naturforvaltning å lage eit framlegg til vern etter naturvernlova i Geiranger-Herdalen, og har i samband med dette utarbeidd framlegg til eit landskapsvernområde på ca. 498 km<sup>2</sup>. Verneforslaget er eit tiltak som blir fanga opp av "Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996, vedlegg I". DN har godkjent konsekvensutgreiingsprogrammet i brev til fylkesmannen av 10.07.2002, og dette er lagt til grunn for det vidare arbeidet. I brevet vert fylkesmannen pålagt å utføre konsekvensutgreiingane. Utgreiinga dekkjer følgjande tema:

- Naturmiljø
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv

## Metodikk

Utgreiinga er basert på metodikken Statens vegvesen brukar i Handbok 140 Konsekvensanalyser (Statens vegvesen, 1995). Denne metodikken er også brukt i andre delutgreingar i denne konsekvensutgreiinga (Miljøfaglig utredning 2003), noko som lettar samanstilling og samanlikning.

Status og eventuelle planar for alle tema i utgreiinga er henta inn frå ulike kommunale planar, stortingsmeldingar, ulike fagrapportar og frå samtalar med kontaktpersonar i friviljuge organisasjonar og offentleg forvaltning. Uttrykk for utviklingstendensar i forvaltning og politiske føringar kjem særleg fram med grunnlag i offentlege dokument.

Konsekvensutgreiinga (Kap. 6) er basert på ei tre-trinns prosedyre. Det første trinnet i konsekvensvurderinga er å beskrive og vurdere status for temaet innafor det planlagde landskapsvernområdet. Ut frå dette vert det fastsett ein verdi av temaet. Trinn

2 består i å beskrive og vurdere type og omfang av mogelege konsekvensar viss det vert vedteke eit vern (Vernealternativet) eller viss det ikkje vert vedteke noko vern (0-alternativet eller referansealternativet). Det tredje og siste trinnet i konsekvensvurderingane består i å kombinere verdien av området og omfanget av konsekvensane for å få den samla konsekvensvurderinga for kvart alternativ. Her brukar ein eit diagram der betydninga av konsekvensane kjem fram etter ein 9-delt skala. Konsekvensvurderinga vert avslutta med eit oppsummerings-skjema for det aktuelle temaet (Kap. 7).

## Mogelege konsekvensar

Vernetiltaket vert vurdert til å ha **middels til stor positiv betydning** for naturmiljøet, medan betydninga for kulturminne/kulturmiljø er **litt positiv**. For friluftsliv er betydninga **litt positiv**. Den største positive verknaden for naturmiljøet er at vernet kan hindre større tekniske inngrep som svekkar landskapskvalitetar og reduserer leveområda for planter og dyr. Dette kan også ha positiv verknad for kulturminne og areal for utøving av friluftsliv.

Ulemper kan vere at det vert vanskelegare å gjennomføre ulike tilretteleggingstiltak for friluftsliv.

## Mogelege avbøtande tiltak

Det blir vurdert som viktig at det vert brukt ressursar på å halde kulturlandskapet ope gjennom drift og skjøtsel slik at kulturlandskapsartar og landskapsbilete vert teke vare på. Vernereglane bør opne for å føre opp enkle brygger i fjorden slik at folk kan få tilgang til å besøke dei ulike fjord- og fjellgardane. Forvaltningsplanen må avklare ulike tilretteleggingstiltak for friluftslivet.

# 1 INNLEIING

Vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde som tiltak, blir fanga opp av Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996, vedlegg I (Miljøverndepartementet 1996).

Dette vedlegget viser kva tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast etter forskrifta §2. Oppfangingskriteriet er:

”Nasjonalparker og andre verneområder større enn 500 km<sup>2</sup> og nasjonalparker og andre vernetiltak på mer enn 250 km<sup>2</sup> dersom tiltaket fører til en vesentlig endring i dagens bruk for primærnæringsene eller reiseliv i lokalsamfunnet.” Ved utsending av meldinga om oppstart av verneplanarbeidet var arealet ca. 525 km<sup>2</sup>. Det er gjennomført eit fåtal konsekvensutgreiingar der natur-/kulturvern er tiltakskategori, og erfaringane med denne typen

utgreiingar er difor avgrensa.

Denne temarapporten er utarbeidd på grunnlag av Direktoratet for naturforvaltning sitt godkjente utgreiingsprogram. (Direktoratet for naturforvaltning 2002). Utgreiinga er ei tilpassing til tiltakskategorien ”vern”, og dette gjer at ein ikkje har kunne følgje dei ulike rettleiarane som er utarbeidd for inngrepstiltak (DN 2001, MD 2001)

Tema Naturmiljø vert behandla som eit eige tema, men den delen av utgreiinga som gjeld kulturlandskap er flytta saman med kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Friluftsliv er oppretthalde som sjølvstendig tema i samsvar med utgreiingsprogrammet.

## 2 UTDRAG FRÅ UTGREIINGSPROGRAMMET

I utgreiingsprogrammet (Direktoratet for naturforvaltning, 2002) er utgreiingsalternativ og utgreiingstema sett opp. Utdrag frå denne som omfattar oppgåva er gjengjeve nedanfor. Omtalen av temaa 2.2 – 2.4 er noko modifisert av fylkesmannen i høve til utgreiingsprogrammet.

### 2.1 Utgreiingsalternativa

*1) 0-alternativet (referansealternativet) er forventa utvikling i området, dersom det ikkje blir verna etter naturvernlova. Ein bør ta utgangspunkt i dagens situasjon basert på dei kommunale rapportane om brukarinteressene i området. Ein må også vurdere godkjende og planlagde tiltak i området.*

*Ein kan framskrive forventa utvikling, gjerne basert på ulike scenarium, for utvikling i arealforvaltninga og landbruks- og distriktspolitikken. Ein kan forvente at områda blir forvalta etter plan- og bygningslova som LNF-område i kommuneplanen. I tillegg vil særlover og forskrifter styre forvaltninga innan enkelttema. Eventuelle ulemper av eit slikt alternativ for sikring av verneverdiane skal omtalast.*

*2) Landskapsområde med tilhøyrande forskrifter.*

### 2.2 Naturmiljø

Utgreiinga skal gje ein omfattande dokumentasjon av naturforholda i området, innan felte biologisk mangfald, geologi, landskap, vassdrag m.v. Det er dokumentert store verneverdiar innan landskap, geologi, botanikk og zoologi. Spesielt verdfullt er fjordlandskapet og vassdraga i området. Fleire av vassdraga er verna mot kraftutbygging.

Utgreiinga skal vise om og korleis desse verdiane blir påverka ved

vernealternativet og tilsvarande for 0-alternativet.

Utgreiinga skal foreslå tiltak for å hindre eller avbøte eventuelle negative konsekvensar, som endringar i forskrift og avgrensing.

Fylkesmannen vert beden om å utføre denne utgreiinga sjølv basert på eksisterande kunnskap om området.

### 2.3 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminna skal beskrivast og verneverdiane dokumenterast. Området har viktige kulturmiljø, og er registrert i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Vi har vald å omtale kulturlandskapet under dette temaet, sjølv om verdiane også har biologiske kvalitetar.

Utgreiinga skal vise om og korleis desse verdiane blir påverka ved vernealternativet og tilsvarande for 0-alternativet. Utgreiinga skal foreslå tiltak for å hindre eller avbøte eventuelle negative konsekvensar, som endringar i forskrift og avgrensing.

Fylkesmannen vert beden om å utføre denne utgreiinga i samråd med fylkeskommunen, basert på eksisterande kunnskap.

### 2.4 Friluftsliv

For begge alternativa skal ein gjere ei utgreiing av konsekvensane for drifta til turistforeiningane og anna friluftsliv, med forholdet til sårbare område, som evt. ferdselsreguleringar i kalvingsområda til villreinen. Utgreiinga skal foreslå tiltak for å hindre eller avbøte eventuelle negative konsekvensar, som endringar i forskrift og avgrensing.

Fylkesmannen vert beden om å utføre denne utgreiinga sjølv.

## 3 METODE

Metodekapitlet skisserer ein felles presentasjon og framgangsmåte for behandlinga av dei tre separate utgreiingstema. Sentrale delar av metodekapitlet er henta frå Håndbok 140 (Statens vegvesen 1995). Presentasjonsform og metodeval er gjort ut frå at andre delutgreiingar er basert på denne metodikken (Miljøfaglig Utredning, 2003), då dette vil lette både samanstillingsarbeidet og den generelle oversikten.

### 3.1 Datagrunnlag

Datagrunnlag er eit uttrykk for grundigheit i utgreiinga, men også for tilgangen til dei opplysningane som er nødvendige for å trekkje konklusjonar på status/verdi og konsekvensgrad.

Status og eventuelle planar er for alle tema innhenta gjennom kontaktpersonar innanfor organisasjonar og offentleg forvaltning. Uttrykk for utviklingstendensar og forvaltningspolitikk er forsøkt

vist med grunnlag i offentlege dokument som stortingsmeldingar og ulike utgreiingar.

Tiltaket "Vern" er ikkje eit vanleg tiltak i konsekvensutgreiingar. Både lovverk og metodikk er i stor grad tilpassa ulike inngrepstiltak. Det er knytt stor usikkerheit til utviklinga i landbruks- og distriktspolitikken, og særleg innafør temaet kulturmiljø er graden av framtidig landbruksdrift avgjerande for sikring av verneverdiane.

Eit kompliserande forhold er at verneframlegget i seg sjølv verkar skjerpande og bevisstgjerande på sikring av verneverdiane. Dette kan skuldast at noko oppfatt området som verna allereie, medan andre vert meir bevisste på å ta vare på verneverdiane. Også verdsarvnominasjonen vil verke på same vis. Andre stader har ein opplevd at verneframlegg har utløynt tiltak som tvert om har skada og redusert verneverdiane. Vi har vald å sjå på dette som korttidsverknader som fell bort etter at vernet evt. er fastsett, og har ikkje lagt vekt på dette.


### 3.2 Vurdering av verdiar og konsekvensar

Konsekvensutgreiinga er basert på ei "standardisert" og systematisk tre-trinns prosedyre for å gjere analyser, konklusjonar og tilrådingar meir objektive, lettare å forstå og lettare å etterprøve.

#### Trinn 1

##### Status/Verdi


Det første trinnet i konsekvensvurderinga er å beskrive og vurdere status og føresetnader for temaet innafør det planlagde landskapsvernområdet. Fastsetjinga av "verdi" er så langt som mogeleg basert på ønskje/behov uttrykt ved konkrete planer og sannsynlegheita for å kunne realisere desse innafør gjeldande og forventa forvaltningspraksis utan vern. Verdien blir fastsett langs ein skala som spenner frå liten verdi til stor verdi (sjå eksempel under).



### Trinn 2

#### Konsekvensane sitt omfang

Trinn 2 er å beskrive og vurdere type og omfang av mogelege konsekvensar viss det vert vedteke eit vern (Vernealternativet) eller viss det ikkje vert vedteke eit vern (0-alternativet eller referansealternativet). Konsekvensane blir m.a. vurdert ut frå omfang i tid og rom og ut frå kor sannsynleg det er for at dei skal oppstå. Omfanget blir vurdert langs ein skala frå stort negativt omfang til stort positivt omfang (sjå eksempel under).



### Trinn 3

#### Konsekvensane si betydning

Det tredje og siste trinnet i konsekvensvurderingane består i å kombinere verdien av temaet og omfanget av konsekvensane for å få den samla konsekvensvurderinga for kvart alternativ. Denne samstillinga gir et resultat langs ein skala frå svært stor negativ konsekvens til svært stor positiv konsekvens (sjå under). Dei ulike konsekvenskategoriane er illustrert ved å nytte symbola "+" og "-".

Symbol	Beskriving
++++	Svært stor positiv konsekvens
+++	Stor positiv konsekvens
++	Middels positiv konsekvens
+	Liten positiv konsekvens
0	Ubetydeleg/ingen konsekvens
-	Liten negativ konsekvens
--	Middels negativ konsekvens
---	Stor negativ konsekvens
----	Svært stor negativ konsekvens

#### Oppsummering

Konsekvensvurderinga vert avslutta med eit oppsummeringsskjema for det aktuelle temaet (Kap. 8). Dette skjemaet oppsummerer verdivurderingane, vurderingane av konsekvensane sitt omfang og betydning for kvart alternativ og ein kort vurdering av kor gode grunnlagsdataa er (kvalitet og kvantitet), som ein indikasjon på kor sikre konsekvensvurderingane er.

Datagrunnlaget blir klassifisert i fire grupper som følgjer:

Klasse	Beskriving
1	Svært godt datagrunnlag
2	Godt datagrunnlag
3	Middels godt datagrunnlag
4	Mindre tilfredsstillende datagrunnlag



## 4 AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET

Influensområdet er identisk med avgrensinga av konsekvensutgreiinga pr. 10.07.2002 (Direktoratet for naturforvaltning 2002). Verneforskrifta (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12.12.2002) har berre gyldigheit innanfor verneområdet, og rammar ikkje tiltak som ligg utanfor verneområdet, men påverkar områda innanfor.

Sjå kartvedlegget på side 66 for konsekvensutgreiingsområdet for ei detaljert avgrensing av influensområdet.

# 5 STATUS - VERDI

## 5.1 Naturmiljø

*Status*

### Biologisk mangfold

Dei kjente biologiske verdiane i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er skildra i Gaarder et.al. 2001 som vurderer området slik:

“Det planlagde Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er eit stort og variert fjord- og fjellandskap med eit rikt biologisk mangfold. Det har stor spennvidde i miljøtilhøve og inneheld mange verdifulle lokalitetar og interessante og dels truga artar. For fleire naturtypar og artar er førekomstane innafør planområde av stor verdi regionalt og til dels nasjonalt, t.d. varmekjære lauvskogar med kravfulle planter, rasmarker med stor rikdom på insekt som mnemosymesommerfugl og velhaldne seterlandskap med raudlista beitemarkssopp.

Området fangar opp ein god del av dei typiske og representative trekka og kvalitetane til fjordlandskapa på Vestlandet, med rike lauvskogar, rasmarker, fossefall, elvegjøll og kuperte fjellandskap.” og vidare” Av verdifulle lokalitetar og delområde er det grunn til å trekke fram seterlandskapet i Herdalen i Norddal, med Herdalssetrane og Botnen. Desse er både artsrike og inneheld mange sjeldsynte og truga artar avhengig av at det opne, velheva da kulturlandskapet. Fjordliene i Sunnylvsfjorden (særleg mellom Tindbjørgane og Åkerneset) og Geirangerfjorden (særleg på nordsida) har store areal med varmekjær lauvskog, ofte saman med rasmark, tørrbakker og sørberg, med eit stort mangfold av planter og insekt.” “Frå nordsida av Geiranger og sørover dalen er det fleire rike rasmarker og tørrberg med regionalt sjeldsynte planter og eit rikt insektliv. På austsida av Geiranger frå Stavbrekka i sør til Gråsteindalen i nord ligg det på snaufjellet fleire relativt artsrike (til å vere på Vestlandet) lisider og fjelldalar med mange karplanter på eller nær si vestgrense i regionen.”

Det er funne heile 17 raudlista artar beitemarkssopp i området, og det er også raudlisteartar av kjuker og lav. Av karplanter finn vi norddalsmarikåpe, brunburkne, bruntelg, bergfaks og kvitkurle (Gaarder m.fl. 2001).

Søraustre delar av området vert brukt av villreinstammen i Ottadalsområdet, og dyra kan kalve i områda vest for Viavatna og aust i Djupdalen. Dette skjer frå først i mai og til litt etter midten av mai. I tillegg er dyra sårbare både før og etter kalving.

Det er sporadisk jerv og fjellrev her. Kongeørn og havørn hekkjer ved fjorden, og av andre raudlista fugleartar finn ein jaktfalk, dvergspett, gråspett og kvitryggspett. Inne i Geiranger er det fleire tradisjonelle hubrolokalitetar, men hubroen har ikkje vore høyr det siste tiåret (Per O. Solhaug, pers. oppl.).

### Geologi og landskap

Heile verneområdet ligg innanfor “Nordvestlandet gneisområde”. Elles er det fleire førekomstar av olivin mellom gneisane, særleg i den nordlege delen av vernefeltet, mellom anna ved Raudbergvika og i fjella mellom Norddalen og Tafjorden.

Morene er den mest utbreidde jordarten innanfor verneområdet. Mest utbreidd er botnmorene som er danna, transportert og avsett under isbreen. Botnmorene dekkjer botnane og sidene i mange dalføre, t.d. Herdalen og Dyrdalen. Morene finst også som ende- og sidemorenar. Dei finst i stort tal i fjellområda. Dei fleste er avsett under ein kald periode under avslutninga av den siste istida (Yngre Dryas). Innlandsisen hadde då forlate størsteparten av verneområdet. Det kalde klimaet førte til omfattande nydanning av botnbreiar i fjella. Slike morenar finn ein mange stadar innanfor verneområdet. Særleg klåre døme finn ein i Dyrdalen. Det finst også yngre morenar, etter breframrykk under “den vesle istida”, då breane i Noreg hadde sin største utbreiing etter den siste istida, i løpet av 1700- og 1800-talet. Slike morenar finn ein framom alle breane. På Geirangerfjellet kan ein sjå slike moreneryggar like ved veggen, framom Skjeringdalsbreen. Det finst også sidemorenar frå innlandsisen, frå stor utløpar i Geirangerfjorden. Slike moreneryggar finn ein mellom anna ved utløpa av Grinddalen og Gråsteindalen, ovanfor Geiranger, ligg det mindre breelv- og elveavsetningar av sand og grus i dei største dalføra, t.d. ved Herdalssetra.

I ei utgreiing om kvartærgeologisk verneverdige område i Midt-Noreg er lokalitetane i Dyrdalen og ved Gråsteindalen trekt fram som aktuelle objekt, men dei er ikkje prioriterte på topp (Sollid og Sørbel, 1981).

Ei landskapsanalyse for området konkluderer med at området har store landskapskvalitetar (Miljøfaglig utredning, 2001). Etter ein 5-delt skala ligg areala langs Geirangerfjorden og fjellområda aust for Eidsdal til Herdalen og sørover til fylkesgrensa, i høgste klasse. Areala rundt Sunnylvsfjorden og på sørsida av Norddalsfjorden vest for Eidsdal, samt Dyrdalen, er plassert i nest høgste.

Landskapsverdiane er knytt både til naturelement og kulturlandskap. Området ber preg av ei uvanleg intensiv utnytting tidlegare, noko alle dei nesten utilgjengelege hyllegardane vitnar tydeleg om. Andre verdifulle landskapselement er Herdalen, Storsæterfossen, Flydalsjuvet og Kvanndal.

### Vassdrag

Området har fleire av dei mest verdifulle vassdraga i fylket. Norddals-vassdraget og Geirangerelva er verna mot kraftutbygging. Særleg langs Geirangerfjorden finn vi mange småvassdrag som ut frå den store høgdeforskjellen dannar spektakulære fossar og vassfall. Dei mest kjente av desse er “Sju søstrer” og “Friaren”.

### Konklusjon - verdi

Området har eit rikt biologisk mangfald med stor spennvidde, mange verdfulle lokalitetar og fleire raudlisteartar knytt både til natur- og kulturlandskapet. Landskapet er særst uttrykksfullt med store høgdeforskjellar,

der det er korte avstandar frå fjord, gjennom rike lier, til tindar og eggjar med brear, med høg fjellet i dei inste områda. Eit verdfullt kulturlandskap med fjordgardane, gardar i Geiranger og Herdalsetra gjev ein ekstra dimensjon til landskapet. Verdien vert vurdert til å vere stor ut frå desse store kvalitetane.

Verdivurdering		
<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
----- ----- -----		
		▲

## 5.2 Kulturminne og kulturmiljø

### Status

#### Automatisk freda kulturminne (Fornminne)

Dei fleste fornminna i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde stammar frå den gamle jakt- og fangstkulturen på villrein (Mølmen 2000). Mølmen hevdar å kunne påvise eit massefangstanlegg for rein på Litlejordshornet i Herdalen. Vidare er det påvist "soter" = "bogestellar" på Oaldseggja vest for Eidsdal.

På Lundaneset er det registrert ein steinalderslokalitet, på Smoge ligg det ei gravrøys og i Gomsdalen er det gjort funn av ei steinkiste. På Herdalsetra er det funne tufter frå vikingtid - middelalder. Sidan det ikkje er gjennomført systematiske registreringar av fornminne i området, er det sannsynleg at det finst fleire steinalderslokalitetar enn det vi i dag veit om.

#### Kulturminne frå nyare tid /Kulturlandskap

Området omfattar eit variert fjord- og fjellandskap med til dels gunstige klimatiske vilkår for busetnad frå naturen si side (høg middeltemperatur og høg produksjon), men topografien og naturtilhøva (rasfare) har gjort mange område vanskeleg tilgjengelege. Planområdet inneheld mange spesielle kulturmiljø av både nasjonal og internasjonal interesse og verdi samtidig som ein god del av dei representative trekka og lokale kvalitetane er til stades.

Setring har vore ein viktig del av landbruket i denne delen av regionen. Kulturminna etter seterdrifta er i hovudsak nedlagde setrar der Homlongsetra er eit godt eksempel. Herdalsetra er einaste seter med aktiv drift no.

Langs Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden er fjord og fjellsidene så stupbratte og rasfarlege at det aldri har vore aktuelt å lage vegar langs fjordane. Men likevel har her vore busetnad både i fjordkanten og på til dels svært vanskeleg tilgjengelege hyller oppover i fjellsida. Busettinga var basert på naturallushald med stor grad av sjølvberging.

Med eit meir spesialisert samfunn med mellom anna større krav til skolegang, overgang til pengehushald og omlegging til meieri-drift, vart gardane etter kvart nedlagde og fråflytta.

Mykje har forfalle og noko har forsvunne, men Storfjordens Venner har saman med eigarane gjort ein stor innsats for å berge og restaurere mange av bygningane.

#### Sunnlyvsfjorden

I Sunnlyvsfjorden ligg kanskje det mest særmerkte gardsanlegget, Meåkneset med husa bygd i rekkje oppunder fjellhammaren der fonna stryk over hustaket. Her er nabobruk til begge kantar og vis å vis i fjorden ligg Oaldsbygda med fleire matrikelgardar. Til saman utgjorde denne "grenda" den mest barnerike skolekrinsen i Sunnlyven herad på slutten av 1800-talet. Andre gardar i fjorden med godt bevarte bygningar er Smoge og Lundanes.

Rett overfor Lundaneset ligg grenda Ljøen som vart knytt til det offentlege vegnettet i 1790-åra då postvegen vart lagt gjennom landskapet. Køyveveg kom først med Ljøvegen tidleg på 1960-talet.

#### Geirangerfjorden

Ytst i fjorden ligg gardane Matvik og Syltevik nede ved fjorden. Lenger inne finn ein fleire hyllegardar der Skageflå med to bruk på fjellhylla og Blomberg med samanbygt stove, løe og fjøs.

#### Herdalen

Den nemnde Herdalsetra ligg i Herdalen som hadde fast busetnad i mellomalderen og seinare vart seterdal. Mange av dei gamle seterhusa og eit rikt kulturlandskap er bevart. Det er også bevart bygningar frå tida før ein fekk veg inn til setra og høyt frå setra skulle fraktast med båt over vatnet til kombinerte naust og høyløer i vassenden der høyet vart lagra før heimkøyring med slede på vinterføre.

### Konkrete planer

Det vert arbeidd med ein fagrapport for kulturlandskapet i Storfjorden, og Storfjordens Venner har restaureringsprosjekt både for bygningar og marker.

### Utviklingstendensar

Dei områda som ikkje vert skjøtta, gror att. Mykje av det biologiske mangfaldet knytt til open, ugjødsla kulturmark er i ferd med å gå tapt.

### Konklusjon - verdi

Kulturlandskapet er nasjonalt verneverdig, og Herdalen og Geirangerfjorden er med i nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap.

Verdien vert sett frå middels til stor ut frå dei store kvalitetane området har som kulturlandskap.



## 5.3 Friluftsliv

### Status

#### Turvandring

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde inngår i området til Ålesund-Sunnmøre Turistforening (ÅST) som merkar og held vedlike stisystemet i området. ÅST har ikkje hytter her, men Kaldhusseter ved heimste Kaldhussætervatnet ligg rett aust for området. Dette er ei hytte som har betjening om sommaren.

ÅST har T-merka følgjande ruter i området:

- Stien frå Vesteråsdaalen i Geiranger til Slettdalen i Tafjord.
- Stien frå Kaldhusseter gjennom Nørde Herdalen til Herdalen.
- Stien frå Onilsavatnet i Tafjord gjennom Kallskaret til Herdalen.
- Stien frå Kolbeinsreset til Kaldhussetra (delar av denne).

Det går fleire andre merka og umerka stiar til turmål i området. Fleire av desse går til fråflytta fjordgardar som Skageflå, Knivsflå, Blomberg, Oaldsbygda (frå Ørnevegen), Smoge, Skrednakken, Verpesdal og Ospahjellen. Dette er delvis den gamle tilkomsten som vart brukt då gardane var i drift. Det er også stiar til Dyrdaalen, Skagedalsvatnet og Grinddalen (Standal m.fl., 1999).

ÅST arrangerer fellesturar for mindre grupper til turmål i området. Dette varierer frå år til år, og det er gjerne turar på fjelltoppar i området. Også det lokale Stranda Turlag har slike turar. Dei siste er særleg aktive i landskapsvernområdet. Desse turane er for det meste dagsturar.

Det meste av utfarten i området skjer gjennom kortare turar av dei mange turistane i området, jf. også KU for reiseliv. Det er lagt til rette med stiar i nærområdet til Geiranger. Dei mest kjente turmåla er Storseterfossen og Flydalsnakken. Ein reknar med at

det årleg er 7000 personar oppe ved Storseterfossen (Tor Hole, pers. oppl.). Av ca. 45.000 gjestedøgn pr. år på Union Hotel, reknar ein at opp mot 10.000 går fotturar i områda rundt Geiranger, for det meste korte turar langs merka stiar (Vorkinn & Hagen, 2003).

Dei mest besøkte turmåla er Flydalsjuvet og Dalsnibba, men dette er område der det meste av tilkomsten skjer med bil og buss, og opphaldet i området er kortvarig utan noko særleg fysisk aktivitet. Områda er vurdert som nasjonalt viktige for friluftslivet (Melby og Gaarder, 2000 B).

Standal m.fl. omtalar fleire turar rundt Herdalen og Verpesdalen, og mellom Holedalen og Geiranger/Geirangerfjorden.

#### Jakt og fiske

Det vert for tida jakta både hjort og villrein i området. Det vert leigd ut noko hjortejakt i Eidsdal, men elles er det grunneigarane som sjølv deltek i jakta. Dei austre delane av landskapsvernområdet er så verdfullt for villreinen at det gjev grunnlag for jakt på villrein både i Geiranger og i Tafjord. Tre vald i området får ein årleg kvote på ca. 20 dyr. Det meste av jakt skjer i Skjåk ved at det er etablert samjaktavtalar. Reinsjakta vert i stor grad gjennomført av rettighetshavarane.

Det vert seld kort for småviltjakt i Kaldhusdalen, i Norddal og på Rønneberg, men interessa verkar å vere liten.

Det vert seld fiskekort i Norddal/Herdalen og for Kilstivatnet, Oaldsvatnet og Svarteavatnet i Eidsdal. Også i Geiranger seljer grunneigarane fiskekort. Også for fiske er det grunneigarar og lokalbefolkning som flittigast utnyttar ressursane. Totalt fiskekortsal ligg kring kr. 15.000,- for heile området (Solhaug, Nerhus Dale, Mulelid pers. oppl.).

## Utfart på fjordane

Sunnylvsfjorden og Geirangerfjorden er båtutfartsområde av nasjonal verdi (DN, 1999). Området har i aukande grad vorte brukt til kajakkpadling. Det er organisert og marknadsført på internett gjennom firmaet Coastal Odessey.

### Konkrete planer

ÅST har ikkje konkrete planar om nye hytter eller stiar området. (Børre Torsvik, pers. meld.).

Vi har heller ikkje registrert andre konkrete planar eller prosjekt som vil gjelde friluftslivet i området.

### Utviklingstendensar

Norsk friluftslivspolitikk er seinast trekt opp i Stortingsmelding nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet. Komiteinnstillinga til meldinga vart behandla i Stortinget 11.04.2002, og følgjande mål er lagt til grunn for friluftslivet framover:

“Strategisk mål:

Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivsels-skapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

Nasjonale resultatmål:

- 1) Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga.
- 2) Barn og unge skal få høve til å utvikle dugleik i friluftsliv.
- 3) Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at det fremjar miljøvennleg ferdsel, opphald og hausting, og at naturgrunnlaget blir teke vare på.
- 4) Ved bustader, skular og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur med gode samband til omkringliggjande naturområde.”

Ein av tendensane i fritidsbruken av natur er ein auke i nye aktivitetar som snøbrett, klatring, rafting, snøsegling m.v. Det er særleg ungdommen som startar slike aktivitetar.

Ein annan tendens er eit auka krav til komfort i samband med friluftsliv og anna bruk av naturen. For tida er det er auka interesse for hyttebygging, og Norddal og Stranda legg for tida til rette for over 1000 nye hytter samla i kommunane. Dette vil friluftssaktivitetane i området, særleg i Dalsbygda og Eidsdal.

På sikt må ein forvente ein meir mangfaldig og til dels annan bruk av naturen. Dette vil også kunne bli ei utfordring for forvaltninga av landskapsvernområdet.

### Konklusjon - verdi

Friluftsliv i området er ein viktig aktivitet for både lokalt busette og folk i regionen. Området vert særleg brukt til ulike turaktivitetar om sommaren og haustingsaktivitetar. Vinterbruken er mindre pga. at området er mindre tilgjengeleg om vinteren og der er også stadvis stor rasfare.

Mange av dei tilreisande turistane brukar nærområda kring Geiranger til kortare turar, både tilfeldig og gjennom organiserte turar. Ut frå det store kvantumet tilreisande, må områda karakteriserast som mykje brukt.

Verdien vert sett frå middels til stor ut frå dei store kvalitetane området har for utøving av friluftsliv, og den store bruken av nærområda.



## 6 KONSEKVENSNAR - OMFANG OG BETYDNING

0-alternativet er identisk med referansealternativet. Her legg ein til grunn ei framskrivning av utviklinga med det lovverket områda vert forvalta etter i dag. Det vil i hovudsak vere plan- og bygningslova som heimlar kommuneplanen og reguleringsplanar og særlover for landbruk, havbruk og ulik ferdsel. I tråd med metodikken er verknaden av referansealternativet sett til 0.

Til grunn for konsekvensvurderingane gjeld kart i målestokk 1:100.000 over Geiranger – Herdalen landskapsvernområde, utskrift pr. 03.12.2002 og Forskrift om vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde, utskrift pr. 12.12.2002.

### 6.1 Naturmiljø

#### 6.1.1 0-alternativet

Vi har føresett ei forvaltning etter plan- og bygningslova (PBL) der områda med dei viktigaste verneverdiane er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Strandsona i 100 meters avstand frå sjøen er sikra eit særskilt vern mot utbygging gjennom § 17-2 i PBL, men kommunane kan dispensere frå dette viss det føreligg særlege grunnar. Vi kjenner ikkje til at kommunane har gjeve dispensasjonar for tiltak innan det føreslegne landskapsvernområdet sidan planarbeidet vart starta opp i 2001.

I gjeldande arealdel til kommuneplanen for Stranda er landområda sett av til LNF-sone 3, dvs. område med forbod mot fritidsbusetnad unnateke i ein del seterområde. Sjøareala er ikkje planlagt. Dette gjer at kommuneplanen ikkje kan styre plassering av akvakulturanlegga Heller ikkje Geiranger har godkjent kommuneplan.

Det er utarbeidd reguleringsplan for Dalsnibba som ligg innanfor området. I tillegg omfattar reguleringsplanane for Homlong og Flydalsjuvet areal i planområdet.

I Norddal er områda avsett til LNF-sone utan vilkår om spreidd utbygging. Det er sett av eit mindre byggeområde for fritidsbygg på austsida av Herdalsvatnet. Nedslagsfeltet til vassverka på Kilsti, Nonsdalen, Dyr dalen og austsida av Kallskaret er bandlagt i høve til klausuleringsvilkår. I kommuneplanen er det også sett krav om at tiltak på dei mest verdfulle seterstølane skal vurderast av kulturvernstyresmaktene, og det kan krevjast regulerings- eller bebyggelsesplan for store endringar. Sjøområda er sett av til fleirbruks-sone NFFFA. Dette gjer at heller ikkje kommuneplanen i Norddal kan styre plassering av akvakulturanlegga. Det er avsett eit område for råstoffutvinning i Raudbergvika. Dette ligg utanfor verneframlegget.

Forvaltning av områda som LNF-område kan i mange høve vere utilstrekkeleg for å sikre areala mot tiltak i regi av landbruket, som t.d. bygging av landbruksveggar og hogst av større, samanhengande flater der dette er negativt for naturmiljøet. Ein meir liberal dispensasjonspraksis for utbyggingstiltak kan også endre kvaliteten av områda. Det siste året har Norddal og Stranda gjeve dispensasjonar for oppføring av hytter i LNF-område trass fylkesmannen si fråråding. Ei av sakene ligg i landskapsvernområdet,

2 ligg utanfor verneframlegget (Stranda kommune 2002, 2003, Norddal kommune 2003). Omfanget av dispensasjonar er såleis lite, men utfallet har vist at dei statlege miljøvernstyresmaktene sitt syn har vorte nedprioritert i høve til lokale utbyggingsønske.

Mykje av arealforvaltninga elles vert styrt etter særlover og forskrifter for landbruk og næringsutnytting. Viktige lover her er m.a. jordlova, skogbrukslova, forskrift for landbruksveggar og fiskeoppdrettslova. Økonomiske omsyn har ofte vist seg å få gjennomslag i høve til miljømåla i praktiseringa av desse lovene, og dette har gjeve seg utslag i ulike inngrep og tap av leveområde og urørt natur. I perioden 1998-98 gjekk det tapt inngrepsfrie areal i sone 1 og 2 etter landbruksvegbygging til Rellingsetra, på Rønneberg og Hole (Statens Kartverk 1999). Seinare er det gjeve løyve til vegbygging på Skuset og det er bygd skogsveg frå Hole mot Storsæterfossen i Geiranger.

Det er framheva ønske frå Industrimineraler AS om framføring av veg frå Kilsti til Skrednakken, og det også peika på at areal aust for eksisterande driftsområde må haldast utanfor landskapsvernområdet, sjølv om det er presisert at det ikkje er aktuelt med inngrep i dagen no (Industrimineraler 2003, Tore Rødal pers. oppl.). Drift i dagen vil kunne gje store inngrep i landskapet og redusere kvaliteten. Også leveområde for raudlisteartar som brunburkne vil kunne gå tapt.

Det er framheva ønske om bygging av mindre kraftverk i fleire av vassdraga. Dette kan gje delvis reduksjon i vassføring og tekniske inngrep gjennom veggar, dammar/inntak, turbinrør, kraftverk og kraftliner.

Artsforvaltninga er også regulert av særlover og forskrifter. Fleire plante- og dyreartar er freda ved Forskrift om fredning av truede artar. I Geiranger-Herdalen landskapsvernområde gjeld dette særleg mnemosynesommarfuglen. Også fredningsprinsippet i viltlova fredar artar det ikkje er opna for jakt på. Artsfredingane sikrar ikkje leveområda til artane.

Desse lovene vil gjelde både ved vern og utan dette, og omfang og betydning av konsekvensane vert i samsvar med metodikken sett til 0 (ingen).

#### 6.1.2 Vernealternativet

Avgrensingane på arealbruken vert regulert gjennom verneforskrifta. I hovudsak er det eit forbod mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. § 3, 1. Det er ein del direkte unntak for tiltak knytt til drift av anlegg og landbruksareal i § 3,1.2, og det kan vidare gjevast løyve til ulike tiltak innan landbruk, anna næring og friluftsliv etter § 3,1.3.

Det er forbod mot innføring av nye planteartar, og skogsdrift skal skje etter ein plan godkjent av forvaltningsstyresmaktene. Retningslinene for skogsdrift vert basert på retningsliner som sikrar landskap og biologisk mangfald.



Detaljar i forvaltningspraksisen vert avklart i forvaltningsplanen. Verneforskrifta vil kunne gje ei god sikring av landskapsverdiane føresett at forvaltningspraksisen ikkje holar ut intensjonen med vernet gjennom for liberal haldning til dispensasjonar.

Vernet vil kunne regulere etablering av nye tekniske inngrep ved at verneforskrifta vil gje ein breiare heimel enn det kommuneplanen gjev. Dette vil kunne sikre både landskap og geologiske verneverdiar.

Vern som landskapsvernområde vil kunne hindre terrenginngrep som nye massetak i dagen, anleggsveggar og landbruksveggar i LNF-område der desse kan gje uheldige landskapsmessige verknader. Vern som landskapsvernområde vil kunne gje ei sikring av areal og landskapsbilete i Skrednakkenområdet, og dermed ta vare dette viktige elementet i innseglinga til Sunnylvsvfjorden og Geirangerfjorden. Det vil også hindre evt. skade på brunburknelokalitetar.

Vern vil også sikre mot anlegg og konstruksjonar på sjøen som kan endre landskapsbiletet. Landskapsvern hindrar ikkje oppdrett generelt, berre i dei tilfella der dette har uheldig verknad på landskapsbiletet. Havbruk vert vurdert etter fiskeoppdrettslova etter at kommunale og statlege miljøvernstyresmakter har gjeve fråsegn. Det er ingen automatikk i at frårådingar frå desse fører til avslag på søknader om etablering.


Landskapsvern vil sikre dei ikkje-verna vassdraga mot inngrep som t.d. minikraftverk og skadelege vassuttak.

Vernet vil ta vare på store delar av det biologiske mangfaldet som er knytt til urørte og lite påverka område, og område der den naturlege gjengroinga ikkje fører til tap av verneverdiar. Verdiar knytt til skog som er sårbar for hogst vil kunne sikrast gjennom plan for hogst, føresett at verdiane er kjente for forvaltningsstyresmakter og grunneigar, og at det er gjensidig forståing for å ta vare på desse.


Dei siste åra har det føregått ei spreing av nye treslag. Dette kan vere uønska av omsyn til det biologisk mangfaldet elles. Det er særleg gran og platanlønn som spreier seg (Holtan & Grimstad, in press). Vernereglar og forvaltningsplan må opne for å ta ut slike av omsyn til verneverdiane.

Ei samanliknande studie av vern som landskapsvernområde eller etter plan- og bygningslova synte at arealplanlegging ikkje var nok til å sikre areala mot utbygging (Falleth m.fl., 2003)

Etter dette vurderer vi omfanget av vernet på naturmiljøet til å vere av middels positiv verdi. Dette grunngjev vi med at forvaltning innafor eit landskapsvernområderegime gjev ei stabil og føreseibar sikring av særleg landskapsbiletet ved at det hindrar større tekniske inngrep.



Samanheld vi verdien av naturmiljøet (stor) med omfanget av konsekvensane, vil betydninga av konsekvensane etter dette bli middels til stor positiv konsekvens, jf. rettleiaren frå Vegdirektoratet (Vegdirektoratet, 1995).



## 6.2 Kulturminne og kulturmiljø

### 6.2.1 0-alternativet

Etter kulturminnelova er visse kulturminne eldre enn frå ca. år 1650 automatisk freda inkludert ei sone rundt kulturminnet. Denne sona er 5 meter brei dersom ikkje noko anna er vedteke. Det kan fredast eit område rundt kulturminnet etter § 19. Spesielle kulturmiljø kan fredast i medhald i kulturminnelova § 20, og det kan innførast særlege skjøtselsreglar etter § 21.

Vi har føresett ei forvaltning etter plan- og bygningslova der områda med dei viktigaste kulturminna er sett av til LNF-område i kommuneplanane sin arealdel. I gjeldande kommuneplan for Stranda er landområda sett av til LNF-sone 3, dvs. område med forbod mot fritidsbusetnad unnateke i ein del av seterområda. Sjøareala er ikkje planlagde.

I Norddal er områda avsett til LNF-sone utan føresegner om spreidd utbygging generelt, men med alle setrane inndelt i klasser etter verdifastsetting og med differensierte reglar for bygging. Sjøområda er sett av til fleirbrukssone NFFFA.

Mykje av arealforvaltninga vert styrt etter særlover og forskrifter for landbruk og næringsutnytting. Utviklinga er avhengig av om det vert oppretthalde drift på gardane eller ikkje. Det vil derfor vere landbrukspolitikk og distriktpolitikk som i stor grad vil styre utviklinga. I dag ser ein tendensar til fråflytting. Det vil kunne medføre attgroing av kulturlandskap og forfall av bygningar, særleg uthus.

Desse lovene og verkemidla vil gjelde både ved vern og utan dette, og omfang og betyding av konsekvensane vert sett til 0 (ingen).

### 6.2.2 Vernealternativet

Formålet med vernet er m.a. å "Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart" (Verneforskrifta pr. 12.12.2002).

Vedlikehald av bygningar og drift og vedlikehald av jordbruksareal og setervollar er tillate etter vernereglane.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til restaurering av kulturminne/kulturmiljø i samsvar med forvaltningsplanen og riving av bygningar som pregar landskapet sin art og karakter. Vidare kan det gjevast løyve til motorisert transport ved beltekøyretøy om vinteren eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på m.a. bygningar.

Det kan setjast i verk spesielle skjøtselstiltak i området, og det kan gjerast unntak frå verneforskrifta i spesielle høve når dette ikkje strir mot føremålet med vernet.

Det er lite utbyggings- og ferdsepress på områda med viktige fornminne. Trugsmåla mot fornminne i låglandet ligg i faren for attgroing av terrenget, slik at dei ikkje er så synlege lenger.

Sikring av verneverdige bygningar krev auka bevisstgjerings av eigarane og andre interesserte, gjerne gjennom rettleiing og økonomisk stimulering. Ein kan oppnå mykje ved å sikre framleis landbruksdrift og busetnad på bruka som er i drift no. Særleg utfordrande er det å ta vare på bygningane på dei fråflytta gardane langs fjorden. Her har ein ideell organisasjon som Storfjordens Venner vist seg avgjerande for å ta vare på mykje av bygningsmassen.

Mange verneverdiar er knytt til open kulturmark, og mangel på drift gjev for tida gjengroing av desse areala. Sikring av kulturlandskapet er difor meir komplisert enn for naturlandskapet, for dette krev at det vert brukt økonomiske ressursar på å halde landskapet i drift. Dette kan skje anten ved at:

- Det vert overført ressursar til aktiv skjøtsel av areal i regi av grunneigarar, organisasjonar eller styresmakter, men skjøtselen er ikkje avhengig av noko næringsmessig drift på eigedommen.
- Det er eit næringsmessig grunnlag for å drive eigedommane. Dette vil ofte vere avhengig av at det finst nye produkt og tiltak på bruket innan reiseliv, sterkare utnytting av utmarka, nisjeprodukt i tradisjonelt landbruk.


Det føregår for tida eit arbeid med å utarbeide ein fagrapport for kulturlandskapet i indre Storfjorden. Ansvarleg for arbeidet er Fylkesmannen, med Planteforsk som engasjert konsulent. Rapporten vil syne døme på skjøtsels- og forvaltningstiltak for å ta vare på kulturlandskapet i området, og vil kunne utgjere basis for prioritering av komande tiltak i området.

Vernealternativet kan stimulere interesse og tiltak for å ta vare på kulturminne og kulturlandskap, jf. også formålet. Avgjerande for utviklinga er dei samfunnmidlane som direkte eller indirekte vert stilt til rådvelde for å ta vare på desse verdiane.

Etter dette vurderer vi omfanget av konsekvensane av vernet på kulturminne og kulturlandskap til å vere av litt til middels positiv verdi. Dette skuldast ei prioritering av desse verdiane i formålet for landskapsvernområdet. Det eksakte omfanget er heilt avhengig av kor mykje faglege, økonomiske og menneskelege ressursar som vert utløyst.

Konsekvensomfang				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ingen</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- -----				
▲				

Samanheng av verdien av kulturminne og kulturlandskap (middels til stor) med omfanget av konsekvensane, vil betydninga av konsekvensane etter dette bli ein liten positiv konsekvens, jf. rettleiareren frå Vegdirektoratet (Vegdirektoratet, 1995).



## 6.3 Friluftsliv

### 6.3.1 0-alternativet

Vi har føresett ei forvaltning etter plan- og bygningslova der dei viktigaste områda for friluftslivet er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Sjå elles 6.1.1 om planstatus.

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 regulerer rettar og plikter ved utøving av friluftsliv. Vilkår i viltlova og lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk med tilhøyrande forskrifter vil regulere utøvinga av jakt og fiske.

Desse lovene vil gjelde både ved vern og utan dette, og omfang og betydning av konsekvensane vert sett til 0 (ingen).

### 6.3.2 Vernealternativet

Avgrensingane på arealbruken vert regulert etter gjennom Forskrift om vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde (utskrift pr. 12.12.2002) som vil bli fastsett i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970, §§ 5 og 6.

I tillegg vil m.a. Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 regulere rettar og plikter ved utøving av friluftsliv. Bestemmingane i viltlova og lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk med tilhøyrande forskrifter vil regulere utøvinga av jakt og fiske.

Følgjande punkt i vernereglane vil kunne påverke friluftslivet:

Formålsparagrafen for landskapsvernområdet opnar ikkje for tilrettelegging for friluftsliv, men sikring av så verdfulle areal for friluftslivet mot inngrep som endrar landskapet sin art og karakter, vil gje ein stor positiv effekt.

§ 3, 1.1 – Området skal vernast mot inngrep som t.d. oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg, bygging av bruer eller kloppe, oppsetting av skilt, merking av stiar, løyper og liknande (eit utdrag av paragrafen). Dette kan hindre oppføring av nye hytter og buer, og vil kunne verke hemmande på utøving av friluftsliv for dei gruppene som ønskjer slike tilbod.

§ 3, 1.2 – Reglane er ikkje til hinder for:

- vedlikehald av bygning og innretningar som ikkje medfører endra bruk eller funksjon.
- drift og vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i medhald i forvaltningsplan.

§ 3, 1.3 – Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- ombygging og utviding av eksisterande bygningar
- bygging av bruer og kloppe
- opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper

§ 3, 3.1 og 3.2 – Jakt og fiske er tillate etter viltlova og lakse- og innlandsfiskeleva.

§ 3, 4.1 – All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve.

§ 3, 4.2 – Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Større idrettsarrangement, øvingar, teltleiarar og annan omfattande eller skadeleg organisert ferdsel.

Her peikar forklaringa til forskrifta på at tradisjonell turverksemd frå turistforeining, skolar, barnehagar og lokale lag er tillate, og treng ikkje søkje om løyve.

§ 3, 4.3 - Innanfor nærmare avgrensa deler av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift regulere eller forby ferdsel som kan være til skade for naturmiljøet.

Verneforskrifta vil kunne sikre friluftssareala mot større tekniske inngrep som reduserer opplevingskvaliteten. Regjeringa peikar i St.meld.nr.39 (2000-2001) på viktigeita av å sikre ulike arealkategoriar for friluftslivet (Miljøverndepartementet 2001). I denne verneplanen er det særleg dei inngrepsfrie naturområda og til ein viss grad strandsona som vert sikra.

Verneforskrifta avgrensar derimot mogelegheita til oppføring av anlegg for friluftsliv ut over det som kan tillast ved ombygging og påbygging av eksisterande bygg og anlegg. Sjølv om det ikkje føreligg konkrete planar om dette no, kan dette medføre ei avgrensing av aktiviteten. Konflikten verkar liten då området er lite og dei fles-

te område er tilgjengeleg frå ein kant på 5-6 timars gange. Verneforskrifta innfører ein søknadsplikt for oppføring av bruer og klopper, merking og skilting, og vedlikehald av dette skal skje etter forvaltningsplanen.

Verneforskrifta regulerer ikkje jakt og fiske, og vanleg turaktivitet. Dette er ein utviding av dei formåla som loven/forskrifter lister opp.

Heimelen i § 3, 4.3 om å kunne innføre forskrift om ferdselsreguleringar vil kunne gjere delar av området utilgjengeleg i periodar. Forklaringa viser til yngle- og hekkeområde for sårbare artar. Dette vil venteleg gjelde kalvingsområde for villrein og reirplassar for ulike rovfuglar.

Delar av villreinstammen i Ottadalen kan kalve i områda vest for Viavatna og aust i Djupdalen. Dette skjer frå først i mai og til litt etter midten av mai. I tillegg er dyra sårbare både før og etter kalving. Dette området er lite tilgjengeleg frå Geiranger før vegen vert brøytta opp i siste halvdel av mai, og ras- og steinsprangfare kan også hindre tilkomsten. Den mest aktuelle tilkomsten vert frå Grotli og Hamsevika inn Hamsedalen.

Det er registrert hekkeplassar for kongeørn og havørn langs Geiranger- og Sunnlyvsfjorden. Desse hekkeplassane er vanskeleg tilgjengeleg, og vi er ikkje kjent med at det er noko fjell- eller isklatrung ved desse lokalitetane. Inne i Geiranger er det fleire tradisjonelle hubrolokalitetar. Desse ligg slik til at det ikkje er naturleg med noko utfart dit.

Samla sett verkar eit landskapsvernområde å vere positivt for å sikre areala for utøving av friluftsliv. Vernet kan verke svakt negativt for ein del tyngre tilretteleggingstiltak som kan bli hindra.


Utøving av turvandring, jakt og fiske vert ikkje påverka av vernet, men ulike informasjonstiltak kan gje folk meir bakgrunnskunnskap om området og dermed ei anna oppleving. Meir omtale, vernestatus og evt. verdsarvstatus kan også auke friluftslivsbruken av området.

Ei forvaltning av områda som LNF-område kan i mange høve vere utilstrekkeleg for å sikre friluftssareala mot tiltak i regi av landbruket, som t.d. bygging av landbruksveggar og hogst av større, samanhengande flater der dette er negativt for friluftslivet. Ein meir liberal dispensasjonspraksis for utbyggingstiltak kan også endre kvaliteten av områda. Vi viser her til dispensasjonar i Norddal og Stranda for oppføring av hytte i LNF-område trass fylkesmannen si fråråding.


Slik sett kan ein liberal dispensasjonspraksis lettare opne for ein del tyngre tilretteleggingstiltak for den delen av friluftssinteressene som ønskjer dette. Utøving av turvandring, jakt og fiske vert som før. Ein vil tape vinsten av ulike informasjonstiltak som kan gje folk meir bakgrunnskunnskap om området, og auka friluftslivsbruk av området grunna meir omtale, vernestatus og evt. verdsarvstatus.

Totalt sett kan forvaltning som landskapsvernområde gje ein svak positiv verknad for areala, men har mindre verknad for utøvinga av friluftsliv. Restriksjonar på tilretteleggingstiltak kan opplevast som negativt for delar av friluftslivsinteressene. Ut frå at det vert sett av store areal rett utanfor landskapsvernområdet som er eigna for t.d. hyttebygging, så oppfattar vi denne ulempa som redusert.

Det samla omfanget av konsekvensane vurderer vi såleis til å vere litt til middels positivt.



Ei samanstilling av verdien (middel/stor) og omfanget av konsekvensane gjev oss at betydninga av konsekvensane av vern for friluftslivet vert etter dette litt positiv, jf. skjema.



# 7 SAMANSTILLING

## 7.1 Naturmiljø

Generell omtale av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Det er svært store verneverdiar innan dei fleste fagfelt innan naturmiljø. Særleg vil vi dra fram det spesielle landskapet med verna og andre verdfulle vassdrag. Det er eit rikt biologisk mangfald med viktige enkeltlokaltetar og sjeldsynte enkeltartar.		<p>Liten      Middels      Stor</p> <p> ----- ----- ----- </p> <p style="text-align: right;">▲</p>
Datagrunnlag: Kartlegging av biologisk mangfald og landskapskvalitetar gjennom spesielle undersøkingar og undersøkingar i samband med verneplanar for vassdrag og kartlegging av biologisk mangfald i kommunane.		Godt
ii) Omtale og vurdering av moglege konsekvensar og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
<b>Alternativ 0:</b> Dagens situasjon	0-alternativet tilsvare dagens situasjon, dvs. forvaltninga skjer i høve til særlover og forskrifter for landbruk og næringsutvikling elles, og etter plan- og bygningslova med til ei kvar tid gjeldande kommuneplan. Det kan skje mindre tiltak og inngrep ved uheldig dispensasjonspraksis som skade verneverdiane.	Ingen konsekvensar (0)
<b>Alternativ 1:</b> Vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde	Verneforskrifta heimlar ei ytterlegare avgrensing i inngrep innanfor det føreslåtte verneområdet. Verneverdiar som er sårbare for inngrep vil bli betre sikra etter innføring av vernet.	Middels/stor pos. (++)/+++)
<p>Omfang:</p> <p>St.neg.      Midd.neg.      Lite / ingen      Midd.pos.      St.pos.</p> <p> ----- ----- ----- ----- ----- </p> <p style="text-align: center;">▲</p>		

## 7.2 Kulturminne og kulturmiljø

Generell omtale av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Kulturlandskapet i området er spesielt verdfullt. Innan kulturminne og fornminne er situasjonen meir variabel.		<p>Liten      Middels      Stor</p> <p> ----- ----- ----- </p> <p style="text-align: right;">▲</p>
Datagrunnlag: Kartlegging av fornminne er noko mangelfull. Verneverdige bygningar og kulturlandskapet er kartlagt gjennom spesielle undersøkingar.		Middels godt/godt
ii) Omtale og vurdering av moglege konsekvensar og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
<b>Alternativ 0:</b> Dagens situasjon	0-alternativet tilsvare dagens situasjon, dvs. forvaltninga skjer i høve til særlover og forskrifter for landbruk og næringsutvikling elles, og etter plan- og bygningslova med til ei kvar tid gjeldande kommuneplan.	Ingen konsekvensar (0)
<b>Alternativ 1:</b> Vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde	Verneforskrifta heimlar ei ytterlegare avgrensing i inngrep innanfor det føreslåtte verneområdet. Verneverdiar som er sårbare for inngrep vil bli betre sikra etter innføring av vernet.	Litt positive konsekvensar (+)
<p>Omfang:</p> <p>St.neg.      Midd.neg.      Lite / ingen      Midd.pos.      St.pos.</p> <p> ----- ----- ----- ----- ----- </p> <p style="text-align: center;">▲</p>		



## 7.3 Friluftsliv

Generell omtale av situasjon og eigenskapar/kvalitetar		i) Vurdering av verdi
Eit område lite berørt av tekniske inngrep med kvalitetar for mange og allsidige former for friluftsliv. Mange besøkande turistar gjev mykje korte turar og dagsturbesøk. Stadvis stor tilrettelegging. Haustingsaktivitetar, liten vinterbruk.		<p><i>Liten</i>      <i>Middels</i>      <i>Stor</i></p> <p> ----- ----- ----- </p> <p style="text-align: right;">▲</p>
Datagrunnlag: Ulike temarapportar i verneplanar vassdrag. Gode trafikktejingar, dårleg oversyn over tilfeldig utfart.		Middels godt
ii) Omtale og vurdering av mogelege konsekvensar og konfliktpotensiale		iii) Samla vurdering
<b>Alternativ 0:</b> Dagens situasjon	0-alternativet tilsvarar dagens situasjon, dvs. forvaltninga skjer i høve til særlover og forskrifter for landbruk og næringsutvikling elles, og etter plan- og bygningslova med til ei kvar tid gjeldande kommuneplan. Det kan skje mindre tiltak og inngrep ved uheldig dispensasjonspraksis som byggjer ned areal for friluftsliv.	Ingen konsekvensar (0)
<b>Alternativ 1:</b> Vern av Geiranger – Herdalen landskapsvernområde	Verneforskrifta heimlar ei ytterlegare avgrensing i inngrep innanfor det føreslåtte verneområdet, og vil sikre areala for utøving av friluftsliv. Tiltak som krev tilrettelegging kan bli hindra av vernet.	Litt positive konsekvensar (+)
<p><b>Omfang:</b></p> <p><i>St.neg.</i>      <i>Midd.neg.</i>      <i>Lite / ingen</i>      <i>Midd.pos.</i>      <i>St.pos.</i></p> <p> ----- ----- ----- ----- ----- </p> <p style="text-align: center;">▲</p>		

## 8 AVBØTANDE TILTAK

Avbøtande tiltak blir normalt gjennomført for å unngå eller redusere negative konsekvensar, men tiltak kan også iverksetjast for å forsterke mogelege positive konsekvensar. I dei neste kapitla skil-drar ein mogelege tiltak som har som formål å minimere negative eller fremje dei positive konsekvensane av prosjektet for dei enkelte temaa i influensområdet.

### 8.1 Naturmiljø

#### 8.1.1 Justering av grenser

Det er ikkje aktuelt å gjere dette no.

#### 8.1.2 Endring av forskrift

Det er ikkje påvist forhold som tilseier at dette framlegget bør endrast, føresett at planen for skogsdrift og praktiseringa av denne tek omsyn til artar som er knytt til kontinuitetsskog og andre sårbare biotopar.

### 8.2 Kulturminne og kulturmiljø

#### 8.2.1 Justering av grenser

Det er ikkje behov for dette.

#### 8.2.2 Endring av forskrift

Det er heller ikkje behov for dette.

### 8.3 Friluftsliv

#### 8.3.1 Justering av grenser

Det er ikkje behov for spesielle grensejusteringar av omsyn til friluftslivet.

#### 8.3.2 Endring av forskrift

Tiltak: Verneforskrifta bør opne for oppføring av enkle brygger for småbåtar.

Forvaltningsplan må avklare kva stiar som skal merkast, og planen bør utarbeidast så snart som mogeleg

Effekt: Båtfolket kan få tilkomst til fjellgardane.

Verneforskrifta legg ikkje spesielle hindringar for merking og vedlikehald av prioriterte stiar og løyper.

## 9 PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING

Trusselen om attgroing av kulturmark og tap av biologisk mangfald knytt til kulturlandskapet gjer at utviklinga må følgjast nøye. Også effekten av evt. skjøtselstiltak må kartleggjast. Vi vurderer ikkje at det er behov for vidare undersøkingar eller noko form for overvaking av tilstanden til kulturminne og situasjonen for friluftslivet.

# 10 REFERANSAR (FELLES FOR VERNEPLAN OG KU)

## Litteratur

Aksdal, S. & T. Moltubakk, 2000. Oversyn over kulturminne og retningslinjer for istandsetjing av kulturminne og nybygging i samband med utarbeiding av Reinheimen nasjonalpark og Geiranger-Herdal landskapsvernområde. Upubl. rapport frå Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga.

Asdøl, K., Moe, A. & Mykland, H., 1991. Skjøtselsplan for Møll og Grande i Geiranger. Upubl. hovudoppgåve Telemark Distriktshøgskole. 114 s + vedlegg.

Backer, Inge Lorange, 1986. Naturvern og naturinngrep. 900 s.

Det norske meteorologiske institutt heimeside <http://met.no>

Direktoratet for naturforvaltning og Statens Kartverk, 1999. Inngrepsfrie naturområder i Møre og Romsdal 1988 og 98. Upubl. kart.

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. Friluftsliv i konsekvensvurderingar etter plan- og bygningsloven. Håndbok 18-2001. 44 s.

Falleth, E.I., S. Hovik & K. B. Stokke, 2003. Sammenligning av arealplanlegging og landskapsvern som virkemidler i forvaltninga av verneverdige områder. Utmark 1-2003. [www.utmark.org](http://www.utmark.org).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1994. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Rapport nr. 6-1994.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1995. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Tilleggsregistreringar 1995. Rapport nr. 15-1995.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 03.12.2002. Geiranger – Herdalen. Utskrift av kart i M 1:100.000.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2002. Utgreiingsprogram for Geiranger – Herdalen landskapsvernområde.

Gaarder, G., D. Holtan & J. Bj. Jordal, 2001. Biologisk mangfald innafor Geiranger – Herdalen landskapsvernområde. Rapport Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2001:03. 84 s.

Hansen, K. Brukarinteresser i Stranda kommune. Delrapport. 27 s.

Holtan, D. & K.J. Grimstad 1999. Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal – biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune rapp. 96 s.

Holtan, D. & K.J. Grimstad 2000. Funn av mnemosynesommarfugl Parnassius mnemosyne i Stranda, Møre og Romsdal. Fauna nr 3 2000, 163-167.

Holtan, D. & K.J. Grimstad in press. Kartlegging av biologisk mangfald i Stranda. Rapport Stranda kommune 120 s. Industrimineraler AS 2003. Brev til fylkesmannen av 11.04.2003.

